

Andreas Bjørkum

**Målformene i bøkene å Olav Duun,
serleg fyrste halvparten**



Utgeve i samarbeid med Norsk Ordbok 2014
Institutt for lingvistiske og nordiske studium
Universitetet i Oslo
2007

**Til minne om at Duun gav ut fyrste boki si
for hundre år sidan.**

MÅLFORMENE I BØKENE ÅT OLAV DUUN, SERLEG FYRSTE HALVPARTEN	1
<i>Føreord</i>	5
1. INNLEIING	6
1.1 MÅLFORMENE I DEI FEM FYRSTE BØKENE, SERLEG LØGL.SKR. - - OG MARJ.	7
1.2 DEI TO BARNEBØKENE HANS	9
2. LYDVERK.....	12
2.1 VOKALISMEN	12
2.1.1 Eldre former med -i- mot yngre med -e-	12
2.1.2 Eldre former med -y- der me no oftast har -ø- i skriftmålet	13
2.1.3 Frå u til y.....	15
2.1.4 Frå y til i og kje- i framlyd.....	15
2.1.5 Eldre former med -u- der me no har -o- i skriftmålet	16
2.1.6 Frå u til ø.....	16
2.1.7 Frå -o- til -u- i jol/jul, f.....	16
2.1.8 Frå -æ- til -e-	17
2.1.9 Frå -å- til -a-	17
2.1.10 Eldre former med -jo-, -ju- mot yngre med -y-	17
2.1.11 Diftongane	18
2.1.12 Ord med -au- eller monoftongen -ø-.....	18
2.1.13 Diftongen ei er fleire gonger monoftongert til -e-	19
2.1.14 Diftongen -øy- er monoftongert til -ø-.....	21
2.2 KONSONANTISMEN.....	23
2.2.1 Utelating av -d.....	23
2.2.2 Former med -all mot nyare med -al.....	26
2.2.3 Konsonantsamband	26
2.2.4 Lang vokal og stutt konsonant eller stutt vokal og lang konsonant.	30
3. JAMVEKT OG JAMNING	32
4. SAMANSKRIVING I EITT ORD AV PREPOSISJON OG STYRING MOT NO I TO ORD	33
5. -GT I ELDRE MÅL MOT NO -KT.....	34
6. FORMVERK.....	34
6.1 SUBSTANTIV	34
6.1.1 <i>Kjønn</i>	34
6.1.2 <i>Hankjønn</i>	35
6.1.3 <i>Hokjønn</i>	37
6.1.4 <i>Inkjekjønn</i>	40
6.2 GENITIV	42
6.3 GENITIV-OMSKRIVING MED EIGEDOMSPRONOMENET SIN	44
6.4 DATIV	44
6.5 ADJEKTIV	45
6.5.1 <i>Endingi -an i akkusativ</i>	46
6.5.2 <i>Adjektiv på -ig og -ug</i>	46
6.5.3 <i>Adjektiv på -leg og -lig</i>	46
6.5.4 <i>Adjektiv på -utt eller -ut</i>	47
6.5.6 <i>Adjektiv på -en, t.d. naken, open, vaksen</i>	47
6.6 PRONOMEN.....	48
6.6.1 <i>Personlege pronomen</i>	48
6.6.2 <i>Ubunde pronomen</i>	49
6.7 TALORD.....	49
6.7.1 <i>Rekkjetal</i>	50
6.8 VERB.....	50
6.8.1 <i>Infinitiv</i>	50

6.8.2 <i>Presens (notids) partisipp</i>	52
6.8.3 <i>Passiv eller refleksiv infinitiv</i>	52
6.8.4 <i>Sterke verb</i>	53
6.8.5 <i>a-verbi</i>	54
6.8.6 <i>e-verbi</i>	54
6.8.7 <i>ja-verbi</i>	56
6.8.8 <i>Konjunktiv</i>	57
6.9 SAMANSETJINGAR MED -AR- DER FYRSTELEKKEN ER EIT VERB.....	57
6.10 PREPOSISJONAR.....	58
7. TRYKK OG TONELAG	58
8. EIT STUTT SAMANDRAG	58
AVSTYTTING AV BOKTITLANE.....	60
VANLEGE AVSTYTTINGAR:.....	60
LITTERATURLISTE	61

Føreord

I denne utgreiingi om målformene åt Duun har eg hatt to gode hjelparar. Fyrst og fremst vil eg takka Andreas Tandberg for all mogeleg hjelp med å leita fram ord og vendingar or samlingane åt Norsk Ordbok 2014 på skjermen sin og prenta dei ut på ark for meg. Utan hans hjelp hadde dette arbeidet mitt vorte mindre grundig og utførleg enn det eg legg fram no. Mi aller beste takk til Andreas Tandberg.

So vil eg takka direktøren i Norsk Ordbok 2014 Kristin Bakken so mykje for all hjelp med å få gjeve ut dette arbeidet, slik at andre òg kan ha nytte og glede av det.

1. Innleiing

Hausten 2006 og fram til februar i 2007 las eg korrektur på mange av bøkene åt Olav Duun til samlingane åt Norsk Ordbok 2014. Eg var vel kjend med desse bøkene frå ungdomsári og seinare, men det var noko anna å lesa korrektur på dei med innsyn i kvar einaste form. Dette arbeidet sette meg på tanken om å skriva ei noko lengre utgreiing om målformene hjå Duun.

Av bøkene om Olav Duun og diktingi hans har eg med stor interesse lese Rolv Thesen, *Menneske og maktene. Olav Duuns dikting i vokster og fullending* (1942, revidert utgåve i 1945 og 1965), Bjarte Birkeland, *Olav Duuns soger og forteljingar* (1976), Leiv Fetveit, *Juvikfolke og tradisjonen* (1979), Otto Hageberg, *Olav Duun. Biografiske og litteraturhistoriske streiflys* (1996) og *Forboden kjærleik. Spenningsmønster i Olav Duuns dikting* (1996), O.M. Høystad, *Odin i Juvikfolke. Olav Duuns språk og menneskyn* (1987). Dei fortel oss ikkje noko serleg om sjølve målformene hjå Duun, og det er dei eg vil prøva å gjera greie for her.

Rolv Thesen gav i 1948/1949 ut *Skrifter i samling* 1-12 med alle bøkene, men han har berre teke med eit mindre utval or sogene og forteljingane åt Duun. Den utgåva eg syner til, er frå 1957.

Grunnlaget for denne utgreiingi er alle bøkene i *Skrifter* - - frå 1907 til 1919, men eg såg snart at eg trong fleire bøker frå seinare år òg, so eg las *I eventyre* (1921, *Skrifter* - - 6), *Blind-Anders* (1924), *Medmenneske* (1929, *Skrifter*- - 10), *Ettermæle* (1932, *Skrifter* - - 11), *Samtid* (1936, *Skrifter* - - 12) og *Menneske og maktene* (1938, *Skrifter* - - 12).

Fleire av formene i andre bøker har eg teke or samlingane i Norsk Ordbok 2014, men då set eg fyrst opp tittelen på boki med årstalet attåt før sidetalet.

I *Skrifter* - - finn me berre 4 av 12 noveller or *Løgl. skr.* - - (1907, *Skrifter* - - 1), og 4 av 12 or *Blind-Anders* (1924, *Skrifter* - - 9) og or *Vegar og villstig* (1930) berre 7 av 12 (*Skrifter* - - 9). Av den grunnen laut eg bruka utgåva åt Bjarte Birkeland, *Soger og forteljingar* bind 1-4 frå 1976, for han har teke med alle sogene og forteljingane i bind 1-3, og attåt har han prenta alle tilgjengelege stykke av Duun i bind 4, frå og med dei fyrste på riksmål, og til dei seinare på landsmål/nynorsk.

Gamalt riksmål i brev frå kjende og kjære eller dokument av gamalt slag har eg ikkje teke med i denne utgreiingi. Eg har heller ikkje brytt meg med formene og utsegnene åt

Mikkjel Vikesylyt, ein veltalande lærar med eit gamalvore og oppstylta mål, som mest er til å smila åt, ja ein rein parodi, i krass mosetnad til stilen og formene åt Duun sjølv. Vikesylyt får breia seg nokså mykje i *På Lyngs*. (1917, *Skrifter* - - 3) og seinare i *I stormen* (1923, *Skrifter* - - 7).

Av litteratur om målbruken åt Duun syner eg stundom til ein artikkel av Arnold Dalen frå 1977 i *Unitekst* (nr. 2, s. 38-52), oppatt-prenta i *Spor i trønderord. Festskrift til Arnold Dalen* i 2001 (s. 211-226) der han skriv om bruken av målføre hjå Duun (t.d. om *På tv*. s. 214, og om bruken av dativ).

Lars Groven har skrivne fleire stykke om Olav Duun, men det eg gjer bruk av her er *Frå Olav Jakobsson Høyem til Olav Duun* (Tapir 1995, mest s. 46-47). Groven nemner serleg *På tvert* (1909) med former som *om*, *op* (seinare *opp*), *bort*, *over*, *så*, og ”bortskjering av *j* i etterstaving” (alle sitati er frå s. 46), ”Monoftongeringstendensane er tydelege (*nød*, *søle*, *kjøre*, - -), - - i *Sigyn* (1913)”, og ”Langt på veg i fullt omfang finn vi y for eldre *jo*: *lyd*, - - *bryte*, - - *skyte*”. ”Pron. *vi* - - har tatt over. (Fleirtal *-er* i svake hokj.ord kjem først med *Juvingar* 1918.)”; alle dømi står på s. 46. Groven skriv òg om ***Dialekt i replikkane*** og syner til bok og sidetal i ein fotnote (s. 46), og tek so opp stilspørsmålet med eit sitat or *På tvert*, 1909, s. 10 (s. 47).

1.1 Målformene i dei fem fyrste bøkene, serleg **Løgl.skr.** - - og **Marj.**

Dei to fyrste bøkene åt Duun, *Løgl. skr.* - - (1907) og *Marj.* (1908) er svært like i målbruken, og formene er oftast *heilt* like både i lydverk og formverk. I *Skrifter* - - set Rolv Thesen *Marj.* opp fyrst, for han meiner at *Marj.* er skrivi *før* debutboki i 1907. Tilvisingane mine til *Marj.* kjem då ofte *før* tilvisingane til *Løgl. skr.* - - Eg fylgjer utgåva åt Bjarne Birkeland frå 1976 med *alle* dei tolv sogene og forteljingane or *Løgl. skr.* - - i *Soger og forteljingar*, bind 1 (s. 13-244).

Målformi i desse to bøkene held seg oftast strengt etter landsmålsnormi i samtidi, ei norm Duun truleg var godt kjend med frå lærarskulen. Normi hjå Duun ligg svært nær Hægstad - normalen frå 1901 med vokalen *-i-* der me no brukar *-e-*, t.d. *andlit*, n. (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 39), *strik*, n. (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 81, og *fantestrik* òg på same sida), *vika*, f., no *veka*, *-y-* der me no oftast har former med *-ø-*, t.d. *byrd*, f. (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 62), *skynar*, v. (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 19, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 22), no *skjøna*, *myrkt*, adj. n. (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976

bind 1, s. 35), *myrkblanke*, adj. flt. (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 84), no *mørk*, *fyrr* adv. (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 15, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 108), no *før*, *yver*, preposisjon (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 14, 46, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind s. 13), no vanleg *over*, og *-u-* der me no har *-o-*, t.d. *um*, preposisjon (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 30, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 29), no *om*, *upp*, adv. (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 46), no *opp*, *nettupp*, adv. (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 94), *burt*, adv. (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 17, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 115), no *bort*, *burti*, preposisjon (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976, bind 1, s. 21,52), no *borti*, *burtetter*, preposisjon (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 11), no *bort* -. Sjå om fleire gamle former nedanfor her.

I formverket skil Duun seg ut med bundi form på *-a* i sterke hokjønnsord eintal og sterke inkjekjønnsord bundi form flt.. Berre i eit lite stykke frå 1908 brukar han konsekvent *-i* i bundi form eintal av sterke hokjønnsord. (*Kvar har no sitt*, prenta i *Gauldølen* 5. mars 1908, og i Birkel. 1976 bind 4, s. 25-28; dømi er med om sterke hokjønnsord i *Formverket* nedanfor her).

I dei to fyrste bøkene brukar han bundi form eintal i sterke inkjekjønnsord med *-t*. Bundne former i flt. får i dei aller fleste dømi berre endingane *-arne*, *-erne* i hankjønnsord, *-erne*, i dei linne *-orne* i hokjønnsord, og i lint inkjekjønnsord, t.d. *auga*, er *-a* eineform i eintal og *augo* i flt. Ubundi form eintal av linne inkjekjønnsord får jamt over endingi *-a*, t.d. *ei gjenta* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 79, *ei høg*, *grann gjenta*, *Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 35), *ei rå skida*, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 46), *ei tuva* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 65).

Alle infinitivar får endingi *-a* (sokalla *a*-mål), t.d. *vera*, *koma*, *finna*, *kasta*, bortsett frå verb med utlyd på trykktung vokal, t.d. *sjå*, *spå*, *tru*; sameleis er det i stykket frå 1908 (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 25-28). I adjektivbøyingi legg me mest merke til endingi *-utt*, t.d. *toskutt* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 36) og *krokutt* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976, s. 124), og at adj på *-en*, t.d. *naken*, *open*, får endingi *-i* i hokjønnsord eintal; meir utførleg om desse formene nedanfor her.

I den tredje boki, *På tvert* (1909) går Duun over til nyare former som *andlet*, n., *békande*, adj. pres. (notids)partisipp, *skjøna*, v., *mørkt*, adj. n., *bort*, adv. *oppi*, preposisjon, og i endingane *-arne*, *-erne* i hankjønnsord flt. bundi form utelet han *-r-*, slik at endingane *-ane*, *-ene* i

hankjønn flt. bundi form og *-ene*, *-one* i hokjønn flt. bundi form vert vanlege former. I alle hankjønns- og hokjønnsordi med omlyd i flt. vert *-erne* ståande; meir utførleg om dette seinare i *Formverket*. I lint hokjønn flt. held Duun på *-or*, *-one*. I sterke inkjekjønnsord i eintal bundi form let han *-t-en* falla bort, t.d. *huse*, *møte*, men i dei linne vert *-a* og flt. på *-o* ståande. Bortfallet av *-t* er i samsvar med midlandsmålet som Arne Garborg og Rasmus Flo sette opp i si norm. I denne boki finn me fleire døme på gamle drag med *-j-* i flt. av ord på *-g(g)*, *-ng*, *-k(k)*, *-nk*, som i landsmål og eldre nynorsk (sokalla palatalisering, *j-fengen*, mjuk uttale); døme i *Formverket*.

På tvert er den fyrste boki åt Duun med kløyvd infinitiv, t.d. *koma*, *vera*, *finne*, *kaste*; meir om døme og utførleg bruk nedanfor her om verb-bøyingi hjå Duun.

I *Nøkksjølia* (1910) òg finn me fleire av dei vanlege formene med *-or*, *-one* i flt. av linne hokjønnsord, og *-rne* heng att i formi *dynorne* (*Skrifter* - - 2, s. 27). I ord med omlyd i flt. er *-rne* einerådande, t.d. *henderne* (*Skrifter* - -2, s. 11, 75) og *tennerne* (*Skrifter* - - 2, s. 84), og formene *augo* (*Skrifter* - - 2, s. 24, 26, 38) og *øyro* (*Skrifter*- - 2, s. 20, 27) er vanlege. Former med *-i-* mot no med *-e-* finst enno, t.d. *feberhite*, m. (*Skrifter*- - 2, s. 35) og *samvit*, n. (*Skrifter* - - 2, s. 53), og *-d* er vanleg i ord på *-nad*, t.d. *lagnad*, m. (*Skrifter* - - 2, s. 91).

I *Gamal jord. Sogor frå Namdalen* (1911) syner eg til utgåva åt Birkeland frå 1976 bind 1, av di han har teke med alle sogene. I lint inkjekjønn eintal ubundi form finn me framleis *-a*: *ei heil veka* (s. 147), *ei saga* (s. 237), og i flt. er *-or*, *-one* vanleg. Formi *hjarte*, n. er vanleg no, og adj. på *-lig* er heilt vanleg. Endingi *-erne* i flt. bundi form er framleis nytta i ord med omlyd i flt.

I den fyrste boki (1907) og i *Gamal jord. Sogor frå Namdalen* (1911) ser me tydeleg at forteljekunsten åt dei gamle i heimegrendene kan ha gjeve emne til fleire av desse sogene, og Duun brukar eit sjeldsynt og høgtidsant ord om dei gamle: ”Men dei gamle levde sitt liv med djupt og trygt rotfeste i den jord som dei var runne av. Eg *elskar* dei” (mi utheving av ordet). Sitatet står i *Norsk Familiejournal* 1911, s. 47, men her etter Bjarte Birkeland, *Olav Duuns soger og forteljingar* (1976, s. 54).

1.2 Dei to barnebøkene hans

Dei to barnebøkene hans, *Storbaaten* (1912) og *Sommereventyr*, er fyrst skrivne på *bokmål* med forfattarnamnet Ole Raabye, som var døypenamnet åt Olav Duun. Seinare skreiv han dei

sjølv om til nynorsk i 1935 og 1936. Dei er ikkje tekne med i *Skrifter* - -, og dei er ikkje brukte til døme på former eller ordtilfang i Norsk Ordbok 2014. Dei utgåvene eg syner til her er 4. utgåva, 2. opplag, Noregs Boklag 1976. Avstytingane mine her er *Storb.* og *Som.*

Det som fell mest i augo når ein les desse bøkene, er kor nær dei ligg innåt skriftnormi i 1930-åri, og kor frie dei er for avvikande former som me finn i dei andre bøkene åt Duun. *Læraren* Duun har tydeleg lagt seg etter å fylgja hovudnormi eller sume tillatne sideformer, slik at lesarane får lært seg skriftmålet dei har bruk for i skulen.

Me skal her peika på nokre målformer som skil desse bøkene ut frå dei andre bøkene åt Duun: Bundi form eintal av inkjekjønnsord får konsekvent endingi *-t*, t.d. *svaret* (av *eit svar*, s. 7), *knytet* (av *eit knyte*, s. 32, båe i *Storb.*), *hjartet* (av *eit hjarte*, *Storb.* s. 35, *Som.* s. 31). Kløyvd infinitiv er heller godt gjennomført, t.d. *drepa* (s. 14), *eta* (s. 93), *koma* (s. 7, 16), *vera* (s. 13, alle i *Storb.*), og *-ja*-verbi held på *-ja*: *fortelja* (s. 46), *sitja* (s. 23), *spørja* (s. 29, 62), *symja* (s. 42, alle i *Storb.*), og *seia* og *teia* er vanleg, berre ein gong med avviket *teie* (*Som.* s. 13); dømi med *-e* er mange: *drikke* (s. 23), *drive* (s. 13), *hende* og *kalle* (s. 7), alle i *Storb.*), berre ein gong med avviket *leika* (*Som.* s. 11). Sterke verb i perf. part. får støtt endingi *-i*: *drepi* (s. 15), *fari* (s. 7, 92), *logi* (s. 29), *sliti* (s. 11, alle i *Storb.*), *sprungi* (s. 8), *funni* (s. 34, båe i *Som.*). Passiv eller refleksiv i infinitiv endar støtt på *-ast*: *undrast* (s. 48), *minnast* (s. 59, båe i *Storb.*) og i pres (notid) og pret. (fortid) er *-st* (i dei sterke), *-est* eller *-ast* (i *a*-verbi) eineformer: *drogst* (s. 41), *fanst* (s. 14, båe i *Storb.*), *idest* (s. 85), *møttest* (s. 14, båe i *Storb.*)

I bundi form eintal hokjønn og inkjekjønn flt. bundi form er *-a* eineformer, t.d. *jorda* (s. 87), *borna* (s. 9, båe i *Storb.*). Hankjønnsord med *-er*, *-ene* i flt. er dei vanlege, t.d. *bekkene* (*Storb.* s. 16), *rygger*, *-ene* (s. 35), *vengene* (s. 37), *sauene* (s. 57, alle tre i *Som.*), og sameleis i hokjønn: *myrane* (*Som.* s. 25), *årane* (*Storb.* s. 74).

Linne verb med *-r-* i stomnen får i pret. (fortid) støtt endingi *-te*: *flirte* (*Som.* s. 84), *stirte* (*Storb.* s. 69, 72) og *styrte* (*Som.* s. 69, 73).

Av andre småting kan me nemna at ord på *-nad* er skrivne med *-d*: *freistnad* (*Storb.* s. 36), og *g-* og *sk-* er vanlege former føre *-ei* og *-øy*: *skeisene*, f. flt. bundi form (*Storb.* s. 87), *gøy*, n. (*ei tre-fire gøy*, *Som.* s. 20), og *gøydde*, v. pret. (fortid) (*Som.* s. 50), *-ll-* og *-nn-* er støtt nytta i *skulle*, *ville* og *kunne*, v. pret. (fortid), mot *-ld-* og *-nd-* i dei andre bøkene.

Formi *ein grastrapp* (Som. 99) er venteleg ein prentefeil, for nedst på sida står *grastrappa* i bundi form, og *ei trapp* (s. 100), i flt. *grastrapper* (s. 98).

Eg syner ikkje til desse bøkene seinare anna enn i to samansetjingar med *-ar-*.

Etter denne stutte omtalen av dei fem fyrste bøkene og barnebøkene skal eg so gå igjennom lydverk og formverk i ei meir utførleg framstilling av målformene i alle bøkene frå 1907 til 1919 og dei seks bøkene frå seinare tid (sjå om dei framanfor her).

2. Lydverk

2.1 Vokalismen

2.1.1 Eldre former med *-i-* mot yngre med *-e-*

I dei to eldste bøkene finn me ofte former med *-i-* der skriftmålet i dag har *-e-*, t.d. *andlit*, n. eller *andlitet* i bundi form (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 39, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 45, 60, 68), no *andlet(et)*; på *likam*, m. er det fåe døme (*Marj.* 1908, her etter utgåva i 1923, s. 124, *På tv.* 1909, her etter utgåva i 1925, s. 61, 126, *Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 58), no *lekam*, *likamlig*, adj. (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 176), *knigt*, m. (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 153), *knegt* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 270), no *knekt*. Formi *liva*, v. finst i *Løgl. skr.* - - (1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 122), og *livde*, v. pret. (fortid) er det fleire døme på (t.d. *Løgl. skr.* - -, Birkel. 1976 bind 1, s. 88), no *leva*, *levde*; *kolbikande svart*, forsterkande adv. har eg funne berre ein gong (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 128), men *kolbékande mørkt* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 151) og *bekande mørkt* (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 177); *vælliva*, f. (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. bind 1, 1976, s. 88).

I dei tidlegaste bøkene er *vika* f. heller vanleg, men formi finst seinare òg: *Vika etter* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 294), no *veke*, *-a* slik me finn *ei veka* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 272). *vit*, n. er eineform i dei eldste bøkene, og sameleis *vitet* bundi form (*Løgl. skr.* - -, Birkel. 1976 bind 1, s. 43, i utgåva frå 1926, s. 10, 37, og *Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 32, 37), men formene *vett* og *vette*, bundi form vert brukte meir og meir utgjennom forfattarskapen, t.d. *vett*, n. (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 285, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 187), *vette*, bundi form (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 261, *Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 170, *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 85), men i samansetjingar er *-vit* eller *-vite* bundi form mest vanleg, jamfør boktittelen *Det gode samvite* (1916), og det er mange døme i den boki (*samvite*, s. 185, *inge samvit*, s. 189), men òg *samvette* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 182); *vanvit*, n. (*Hilderøya* 1912, s. 170), *allvitande*, adj. (*Hilderøya* 1912, s. 75, 79); til sistelekken *-lausing*, m. finn me både *vet-* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 186) og *vett-* (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 91, 132, *Ragnhild* 1931, s. 151), og *vettskræmt*, adj. (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 221, og *I stormen* 1923, s. 137), *uvit*, n. er nytta i *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 28). Om *vettug*, adj., med *-t* i n. syner eg til adjektivbøying i formverket. *vita*, v. er det svært mange døme på heile vegen, og eg tek berre med nokre sidetal or *Medm.* 1929 (s. 15, 88, 109, 114, 139).

Sume former er det fåe døme på: *spikebog*, m. (*Det g. samv.* 1916, her etter utgåva i 1924, s. 156), no *speke-*, *feberhite*, m. (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter - - 2*, s. 35), no *-hete*, *kappstig*, n. flt. (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 50), no *-steg*; ei eldre form *hamlit* har eg ikkje funne, men *hamlet* er nytta nokre gonger (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 184, *Hilderøya* 1912, s. 159, *I stormen* 1923, s. 157, *Ragnhild* 1931, s. 153).

Svipa, f. har eg berre funne i *Løgl. skr.* - - 1907 (s. 96, og etter utgåva i 1926, s. 16, 99 og 100), no *svepe*.

Om talordet *tri* syner eg til *Talord*.

Sidan, adv. er mest einerådande i dei eldste bøkene, men *sea* finst det fleire døme på alt i *Gamal j.* (1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 197 og i *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 1, s. 56), og *sea* er nytta ofte i bøkene frå 1912 og utetter, men *sidan* finst ofte attåt, so båe formene er brukte ei tid. No er *sidan* og *sea* jamstelte former.

Formi *millom* eller *imillom* preposisjon, er nytta heile vegen med *-i-*.

Formene *timber*, n. (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 97) og *timberfuru*, f. bundi form (same boki s. 51) vert i dag berre skrivne med *-ø-* og *-mm-*, t.d. *tømmerstokkar*, m. flt. (*Gamal j.*, Birkel. 1976, bind 1, s. 168).

Norig, landsnamn er eineform hjå Duun (t.d. i *Harald* 1915, *Skrifter - - 4*, s. 38, *Juvik* 1918, *Skrifter - - 5*, 114, *I event.* 1921, *Skrifter - - 6*, s. 192, og i genitiv *Norigs land*, *Etterm.* 1932, *Skrifter - - 11*, s. 53), og vanleg i samtidi hans, men no er *Noreg* eineform.

2.1.2 Eldre former med *-y-* der me no oftast har *-ø-* i skriftmålet

I dei eldste bøkene brukar Duun jamt *-y-* i mange ord der me no skriv *-ø-*, t.d. *byrnskapen*, m. bundi form (*Marj.* 1908, *Skrifter - - 1*, s. 88, i utgåva 1923, s. 36, 68, 152, men seinare skriv han *børnkapen*, *Medm.* 1929, s. 76), *byrd*, f. finst berre i dei to eldste bøkene (t.d. i *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 62), seinare er *bør* eineform (t.d. i *Hilderøya* 1912, s. 100-101, *Harald* 1915, s. 54, *I stormen* 1923, s. 121), *byrsa*, f. finn me i dei to eldste bøkene, t.d. i *Løgl. skr.* - - (1907, Birkel. 1976, bind 1 s. 65) og *Marj.* (1908, utgåva frå 1923, s. 9), *gyrma*, f. er vanleg i *Marj.* (1908, her i utgåva frå 1923, s. 17), men *gjørma* er nytta alt i *På tv.* (1909, her i utgåva frå 1925, s. 45, og seinare berre *-jø-*, *I eventyre* 1921, s. 212); *fyrr*, adv. er det svært mange døme på i dei to eldste bøkene t.d. i *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, s. 8, 25, 49)

og i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 13, 26, 113), men seinare er *før* eineform, t. d. i *På tv.* i (1909, i utgåva frå 1925, s. 114, *Hilderøya* 1912, s. 175).

Skyna, v. er den vanlege formi i *Marj.* (1908) og *Løgl. skr.* - - (1907) med sers mange døme (i *Marj.*, *Skrifter* - - 1, s. 19 og i utgåva frå 1923, 30, 77, 161, i *Løgl. skr.* - - i utgåva frå 1926, s. 12, 32, 61), men frå og med *På tv.* (1909) og *Gamal j.* (1911) er *skjøna* vanleg, berre eitt døme med *skjønna* i *Løgl. skr.* - - (utgåva i 1926, s. 50, og ein gong *skjønna* i *På tv.* 1909 i utgåva frå 1925, s. 98), men frå og med *Hilderøya* (1912, s. 37, 61, 179) og *Harald* (1915, s. 120) og utetter er *skjønna* einerådande.

Myrk, adj. er einaste formi i *Marj.* 1908 (*myrke*, adj. flt., *Skrifter* - - 1, s. 19, i utgåva frå 1923, s. 21, 63), og *myrkblanke augo* (*Løgl. skr.* - - 1987, Birkel. 1976 bind 1, s. 84), *myrkt*, adj. n. (*Løgl. skr.* - -, i utgåva i 1926, s. 13 og 30), og *myrkret*, m. bundi form (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 16 og 39), men former med *-ø-* finst alt i *På tv.* (1909, *mørkre*, *Skrifter* - - 1, s. 150), og frå og med *Hilderøya* 1912 (s. 116-117) og *Harald* (1915, s. 129, 150, 176) er *-ø-* einerådande.

Formi *fyre*, adv. er svært vanleg i *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, t.d. s. 35, 114) og *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, t.d. s. 56, 99), men seinare er *føre* einerådande med ei mengd døme.

Syrgeleg, adj. er vanleg i *Marj.* (1908, her etter utgåva i 1923, s. 5, 57, 99) og *Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 54), men no er *sørgjeleg* meir vanleg, *-y-* er tillati sideform.

Lygna, f. bundi form er nytta i *Marj.* (1908, her etter utgåva i 1923, s. 44), men seinare er *løgna* den vanlege formi (t.d. i *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 112, *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 20, 64).

Yver, preposisjon skil seg ut på den måten at ei tilsvarande form med *ø* ikkje vert brukt i skriftmålet, so former som *øve*, *øver* har berre målførestatus; spranget vert difor stort til *over*. Formi *yver* er det ei mengd døme på heile vegen i dei to fyrste bøkene, men straks me forlet dei to bøkene vert formi *over* brukt i alle nyare bøker (*På tv.* 1909, *Gamal j.* 1911, *Hilderøya* 1912, og frametter), so sidetilvisingar er uturvande.

Ymse, adj. n. (av *ymsen*) er heller vanleg i dei eldste bøkene, ofte i *Marj.* (1908) og *Løgl. skr.* - - (1907), og vidare i *Hilderøya* (1912, s. 93), *Harald* (1915, s. 32), *Medm.* (1929,

s. 18), og fleire døme i *Ragnhild* (1931, t.d. s. 11, 19, 20) og i *Siste leveåre* (1933, s. 66, 79), men former med *ø-*, *ømse* finst eit par gonger i *På tv.* (1909, her i utgåva 1925, s. 31, 49, 59).

Styvlarne, m. flt. bundi form finn me i *Løgl. skr.* - - (1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 100) og i *Marj.* (1908, i utgåva 1923, s. 147); no *støvlane*.

Spyrja er vanleg med *-y-* i dei to fyrste bøkene (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 35, og i utgåva frå 1923, s. 7, 114 og 137 og i *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 111, og i utgåva 1926, s. 21, 69, 139), men no er *spørja* eineform i nyare skriftmål; sjå om andre former i verballøyingi nedanfor.

2.1.3 Frå *u* til *y*

Flytja, v. og *flutte*, i pret. (fortid), og (har) *flutt* er den gamle bøyingi av dette *-ja-*verbet. Formi *flytja* finn me i *Løgl. skr.* - - (1907, Birkel. bind 1, s. 103, og i utgåva frå 1926, s. 109), og *flutte* er det fleire døme på (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. bind 1, s. 104, i utgåva frå 1926, s. 22, 75, 101, 111; *Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 126, og *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 109), men snart tek *flytte* over, alt i *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 21, 71, 163, 171) og *Gamal j.* (1911, s. 68), og *-y-* er vanleg i *Hilderøya* ((1912, t.d. s. 116, 154, 181) og *Harald* (1915, s. 50, 216) og i bøkene i 1920-åri og frametter. Formene i infinitiv og pres. (notid) med *-y-* har trengt ut dei gamle formene med *-u-*.

2.1.4 Frå *y* til *i* og *kje-* i framlyd

Denne overgangen gjeld ordet *kyrkja*, f.. Denne formi og fleire samansetjingar med *kyrkje-* finn me i dei eldste bøkene, t.d. *-veg*, m. (*Marj.* 1908, i utgåva 1923, s. 116), *-garden*, m. bundi form (same boki s. 173, *-garen*, *Gamal j.* 1911, s. 37), *-ledet*, n. bundi form (*Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva 1926. s. 11), *-hatten*, m. bundi form (same boki s. 137), men heller snøgt går Duun over til formi *kirka* (frå og med *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 10, 105, 123, 191), *I eventyre* (1921, s. 61, 91), *I stormen* (1923, s. 14, 202) og i *Ragnhild* er det fleire døme (1931, s. 99, 100, 177), *Kirketjyven*, sernamn (*Vegar og v.* 1930, Birkel. 1976, bind 3, s. 55, 59, 64, 74, 75), før *kjerka* overtek, serleg i attgjeving av samtalar på målføre (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 161, *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 10, 12, 14 og i *I eventyre* 1921, s. 90).

2.1.5 Eldre former med *-u-* der me no har *-o-* i skriftmålet

I dei to eldste bøkene er det svært mange døme med *u* som vert avløyste av former med *o*, sers ofte *burte*, adv., *burtetter*, preposisjon (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 11, i utgåva i 1923, s. 20, 27, 112, 133, *Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva 1926, s. 5, 13, 20, 38), *burttil*, preposisjon (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923 s. 22, 97, *Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 56, 58, 73), *umsut*, f. (*Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 5), *uppe*, adv. (*Marj.* 1908, i utgåva 1923, s. 42, 90, *Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva 1926. s. 33. 45, 99), *uppi*, preposisjon (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 14, 22, 52, *Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 104, 110, 123), men i *På tv.* (1909) er alle desse formene skrivne med *o-*, *-o-*.

Den motsette vegen går formene *sjøbord* m. (*I eventyre* 1921, s. 168), i bundi form *sjøborden* (*Harald* 1915, s. 203, *I stormen* 1923, s. 206, 210, 239), der den normerte formi no er med *-u-*, *sjøburden*.

Sumar, m. er alltid brukt i *Marj.* (1908, i utgåva 1923, s. 109) og *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 22, 41, 59), men snart etter skriv Duun *somar* i *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 7, 36, 123), *Gamal j.* (1911, s. 181, 209) og *Hilderøya* (1912, s. 18-19, 33, 156), og til slutt *sommar* i (*Det g. samv.* 1916, i utgåva 1924, s. 7, 77, *I eventyre* 1921, s. 85, 103, 164, *Ragnhild* 1931, s. 120, 143, og i *Siste leveåre* 1933, s. 41, 44, 90).

2.1.6 Frå *u* til *ø*

Formi *spursmål*, n. finn me i bundi form eintal *spursmålet* i *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 21), men seinare finn me *spørsmåle* (*Hilderøya* 1912, s. 39), og *spørsmål* er eineform i nyare bøker, t.d. i *Ragnhild* (1931, s. 35) og *Siste leveåre* (1933, s. 10, 168).

2.1.7 Frå *-o-* til *-u-* i jol/jul, f.

Formi *jol* er eineform i *Marj.* 1908 (t.d. i utgåva frå 1923, s. 50, 60, 116) og finst ein gong i *Løgl. skr.* - - 1907 (i utgåva 1926, s. 24), men *jul* finst alt i *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 56, 59) og i *Gamal j.*(1911, s. 68, 206), og *jula* bundi form er heilt vanleg i *Gamal j.*(1911, s. 75, 113, *Hilderøya* 1912, s. 108, 115) og i alle dei seinare bøkene. Samansetjingar med *jole-* finn me fleire av, t.d. *joledagen*, m. bundi form og *jolenatta*, f. bundi form (båe i *Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 115), *jolevitjing*, f. (*Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 66), og med *jule-dagane*, m. flt. bundi form (*Gamal j.* 1911, s. 68), og med *jul-* i *juleftan*, m. (*I eventyre* 1921, s. 112), *julbrennvin*, n. (*I stormen* 1923, s. 97), *julnatta*, f. bundi form (*I stormen* 1923, s. 115).

2.1.8 Frå -æ- til -e-

I eldre landsmål var *sjæl*, f. den rådande formi, og frå *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, t.d. s. 153) og frametter til og med *I stormen* (1923, s. 34, 72) og *Siste leveåre* (1933, s. 63, 71), finn me berre *sjæl*; i nyare mål *sjel*; *læ*, v. er den vanlege formi hjå Duun i alle fall i dei eldste bøkene (t.d. i *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 101) og *læande*, pres. (notids)partisipp er nytta i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 119) og *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 174); i yngre mål har me no støtt *le* og *leande*. Formi *væn*, adj. vart i eldre mål skrivi med *æ*, *eit varmt og vænt mål* (*Løgl. skr.* - - 1907, her i utgåva frå 1926, s. 117), *vænt*, adj. n. er nytta i same boki (s. 43); no er *ven* eineform i skriftmålet. *Næterne*, f. flt. bundi form finn me i dei eldste bøkene (t.d. i *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 47, 69), og *næter*, flt. ubundi form er vanleg i *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, s. 16, 58,77), i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 28, 35), i *Hilderøya* 1912 (s. 5, 63, 187), og *nætene*, bundi form flt. i *Gamal j.* (1911, Birkel. 1976 1, s. 173) og *nættene* i *Sigyn* (1913, *Skrifter* - - 2, s. 176); no er *netter*, *nettene* vanleg i skriftmålet.

2.1.9 Frå -å- til -a-

Formi *plåge*, f. finn me i *På tv.* (1909, *Skrifter* - - 1, s. 156, og i utgåva frå 1925, s. 27); om *fårleg*, adj. og *blåfårleg* syner eg til adjektivbøying.

2.1.10 Eldre former med -jo-, -ju- mot yngre med -y-

I dei to eldste bøkene finn me stundom former med *-jo-*, *-ju-*, t.d. *brjota*, v., men i dei noko yngre berre *bryte* (t.d. i *På tv.* 1909, her or utgåva frå 1925, s. 154, *Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 113, *Hilderøya* 1912, s. 112) og i alle dei seinare bøkene. *Ljoden*, m. bundi form er nytta i *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 29) og *ljon*, n. er vanleg der (1908, *Skrifter* - - 1, s. 54; *torevêr og ljon*, i utgåva frå 1923, s. 90), men seinare er *lyn*, n. vanleg (t.d. i *Hilderøya* 1912, s. 196, *Medm.* 1929, s. 204, *lyste der opp eit lyn vesti have*, *Siste leveåre* 1933, s. 123). *ljøs*, n. i bundi *ljøset* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 74), og *ljost*, adj. n. er vanleg i *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 51, og i utgåva frå 1923, s. 51, 145) og *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 6 og 146), men seinare er berre *lyst*, adj. n. vanleg (*Gamal j.* 1911, s. 122, *Harald* 1915, s. 149, *I stormen* 1923, s. 240, *Medm.* 1929, s. 174 og *Ragnhild* 1931, s. 72, 98). Eit par samansetjingar med *ljøs-* finn me i dei eldste bøkene: *ljøsblenk*, m. (*På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 72) og *ljøsstubb*, m. (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 33). *brjost*, n. og bundi form *brjostet* finn me berre i *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, s. 28, 57, 117, 128), men samansetjingi *brjostverk*, m. er nytta i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 130).

Av former med *-ju-* finn me *fljuga*, v. ein gong i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 64), men seinare berre *flyge*; *strjuka*, v. er vanleg i *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 87, og i utgåva 1923, s. 111, 148), og er nytta ein gong i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 8), seinare berre *stryke*. Formi *smjugande*, v. pres. (notids) partisipp står i *Marj.* (1908: *ho kom smjugande burti hans* (hand), *Skrifter* - - 1, s. 142), men seinare er *smygande* den vanlege formi (*På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 98, *Gamal j.* 1911, s. 86, *Hilderøya* 1912, s. 124, *I stormen* 1923, s. 44, *Ragnhild* 1931, s. 221). *Rjupa*, f. er formi i *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 87), men seinare skriv Duun *ryper* i flt. (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 218).

Den vanlege formi hjå Duun er *tjuv*, m. (t.d. i *Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 200, *Tjuvar. Tjuvar*, flt., *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 264, men òg *Tjyven* der). I *Vegar og v.* (1930, Birkel. 1976, bind 3) finn me *tjyv*, m., i bundi form *tjyven*, i forteljingi om *Ei lita gjente og tjyven hennes* (s. 52-75), med *tjyv* heile vegen (s. 55-57, 59, 62-64, 67, 72, 74-75), sernamnet *Kirketjyven* (s. 55) og *tjyvlykta si*, f. bundi form (s. 58).

Seinare i forfattarskapen er *tjyv* brukt fleire gonger (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 234, 237), i bundi form *tjyven* (same boki s. 237, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 63, 65), i flt. *tjyvar* (*Tredje g.*, Birkel. 1976, bind 4, s. 237, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 55, *tjyver* er vel prentefeil i *Tredje g.* s. 237), og i fleire samansetjingar: *innbrotstjyv* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 238), *sautjyv* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 238, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 63, 65, 72, 118), i bundi form - *tjyven* (Birkel. 1976 bind 4, s. 237, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 102), *hadde* - - *tjyvlese*, v. perf. part. (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 69), (ro) *tjyvstilt*, adj. n. (*Tredje g.*, Birkel. 1976, s. 254), *tjyvstolen*, adj.: *ein tjyvstolen god natt-kyss* (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 134). Her òg finst ei form med *tjuv*: *tjuvstig*, m. (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 235). Formi *tjyv* skil seg ut med oppehalden *-j-* føre *-y-*.

2.1.11 Diftongane

Dei tre vanlege diftongane *au*, *ei* og *øy* er oftast nytta etter vanlege reglar i nynorsk skriftmål, men sume ord er monoftongerte (med overgang til ein vokal *-ø-* av *-au-* og *-øy-*, *-e-* av *-ei-*). Nokre fåe ord er jamt brukte med enkel vokal t. d. *nød*, f., *hellig*, adj., *ødselig*, adj., men i fleire andre ord òg er formene tydelege nylån, t.d. *preke*, både f. og v., *prekar*, m.

2.1.12 Ord med *-au-* eller monoftongen *-ø-*

Av *raud*, adj. er former med *au*, dei mest vanlege hjå Duun, òg i samansetjingar, t.d. *bleikraud* (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 141, *Hilderøya* 1912, s. 131 og *I eventyre* 1921, s.

108), i flt. *-raude* (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 106). Men i *Harald* 1915 finn me fleire døme med *ø*: *rød*, adj. (*Skrifter* - - 4, s. 77, 86, 118), *bleikrød*, adj. (*Skrifter* - - 4, s. 35), *lyserød*, adj. (*Skrifter* - - 4, s. 38), *mørkerød*, adj. (*Skrifter* - - 4, s. 102), *rødkinna*, adj. (*Skrifter* - - 4, s. 102), *rødmåla*, adj.n. (*Skrifter* - - 4, s. 122); *rødt*, adj. n. finst i lånet *eit rødt øre* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 76), og *rødt* er ofte brukt i *Harald* (1915, s. 12, 123, 202).

Kvifor dei fleste formene finst berre i boki *Harald* (1915) er uråd å vita. Seinare er *rød* meir sjeldan å finna (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 66), endå om det finst ein del døme i *Samtid* (1936, *Skrifter* - - 12): *rød* (s. 63, 98, 111, *rødt*, n. s. 51, i flt. *Røde skyer*, s. 126) og i samansetjingane *rødskjegge*, n. bundi form (s. 75) og *rødlig*, adj. (s. 17), men døme finst i siste boki òg: *rød kommunist* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 172), og *rødnaen* m. bundi form (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 278).

Formi *naud* finn me i *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, t.d. s. 63, 134, 153 og 159), og ein gong i *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 109), men alt frå *Gamal j.* (1911, s. 129) og *Hilderøya* (1912, s. 126) er *nød* eineform, heilt til slutten av forfattarskapen (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 296, *med havsnøda di*).

I *Gamal j.* (1911) brukar Duun formi *bryllaup*, n. (s. 49, 113), men seinare er *bryllopp* eller *-op* einerådande, jamfør boktittelen *Storbryllope* (1920). Berre ein gong har eg funne formi *innkaupte*, adj. flt. i *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 82), no vanleg *-kjøpte*.

Formi *død*, adj. er vanleg om folk, t.d. *døde*, flt. (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 173) og *dødbleik*, adj. (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 167).

Om *daud*, adj. og *daude*, m. med eller utan *-d*, *-d-* syner eg til konsonantismen.

2.1.13 Diftongen *ei* er fleire gonger monoftongert til *-e*

Berre i dei eldste bøkene finn me formi *annarleis*, adv., i *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, t.d. s. 23, 30, 38, 45) og *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 55,56, 120), men i *Gamal j.* *annleis* (1911, s. 55); berre ein gong *onnorleis* i *Løgl. skr.* - - (1907 i utgåva frå 1926, s. 25). Seinare går Duun heilt over til den monoftongerte formi *ansles*, t.d. i *Harald* (1915, s. 79, 101), *Medm.* (1929, s. 74, 158) og i alle dei seinare bøkene.

Freista, v. pret. (fortid) eller perf. part. er vanleg i dei eldste bøkene, t.d. i *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, s. 11, 16, 44), *Løgl. skr.* - - (1909, i utgåva frå 1926, s. 16, 79, 105), *Gamal j.* (1911, s. 18, 61, 104, 208) og *Hilderøya* (1912, s. 15, 74, 115), men noko seinare er *freste* den einaste formi med monoftong, i *Medm.* (1929, s. 162), *Ragnhild* (1931, s. 53, 88, 158) og *Siste leveåre* (1933, s. 16, 109, 187). *Heilag*, adj. har eg funne berre ein gong i *Hilderøya* (1912, s. 118, men *hellig* finst der òg, s. 215), og i alle seinare bøker er *hellig* eineform, t.d. i *Medm.* (1929, s. 45, 51, 55), *Ragnhild* (1931, s. 104, 118) og *Siste leveåre* (1933, s. 130).

Korleis, adv. er den vanlege formi i alle dei eldste bøkene, t.d. i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, t.d. s. 15, 93), *Gamal j.* (1911, s. 127, 172) og *Hilderøya* (1912, s. 34, 55, 134), men den monoftongerte formi *korles* vert meir og meir vanleg etter kvart, t.d. i *Harald* (1915, s. 85, 212, 221), *I stormen* (1923, s. 105, 116, 118), *Medm.* (1929, s. 33, 177, 207) og *Ragnhild* (1931, s. 72, 95, 203). Den mykje brukte formi *koles* (utan *-r-*) er vel eigenleg ei målføreform, t.d. i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 151), *Gamal j.* (1911, s. 24, 112), *Hilderøya* (1912, s. 173) og *I stormen* (1923, s. 165, 175), sameleis formi *mangsles*, adv. (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 151).

Samansetjingar med *-leitt*, adj. er vanleg i dei eldste bøkene, t.d. *raudleitt*, adj., *Enno var han raudleitt* (*Gamal j.* 1911, s. 139-140), og same formi er brukt i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 144, 151) og i *Hilderøya* (1912, s. 159, 209); seinare er *raudlett* den vanlege formi, t.d. i *I bl.* (1919, *Skrifter* - - 5, s. 280), 1976) *Medm.* (1929, s. 31, 221), *Ragnhild* (1931, s. 16, 50, 82), *Siste leveåre* (1933, s. 33, 170) og i *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 219).

Av dei tre samansetjingane *lyslett*, *mørklett* og *rundlett* har eg berre funne monoftongerte former: *lyslett* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 225, *I stormen* 1923, s. 16, *Ragnhild* 1931, s. 16, 181 og *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 253), *mørklett* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 214), *rundlett* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 308).

Av *peika*, v. finn me den monoftongerte formi *peka* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 265), og *peker*, pres. (notid) (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 132); *preika*, f. bundi form er brukt i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, 107-108: *preika var slut*), men formene *ei preke* (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 17, 151), *gjennom ei heil preke* (*Ragnhild* 1931, s. 75), og *ei preken* (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 36), og *preke* v. (*Harald* 1915, s. 61, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 34, *å prek*, *I eventyre* 1921, s. 190), *prekar*, v. pres. (notid) (*I stormen* 1923, s.

10, 95, *Medm.* 1929, s. 104) og *prekar*, m. (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 297), i samansetjing *prekarlarv*, m. (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 179) og *prekarånden*, m. bundi form (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 82) er heller vanlege.

Av *freiste*, v. finn me formene *frestar*, pres. (notid) (s. 69, 113), *fresta* i pret. (fortid) (s. 29, 110); og *frestna*, m. (s. 132) har òg monoftongert form; alle dømi er or *Samtid* (1936, *Skrifter* - - 12).

Til nyare lån må me rekna formene *hedning*, m. (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 239, i flt. -ar, s. 226, *Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 71), *heders-* i samansetjingar: *hedersgubbe*, m. (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 119), *hedersmann*, m. (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 162, *Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 23, 66) og *hedersplass*, m. (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 6, s. 253); meir sjeldan er *heder*, m. (*Samtid* 1936, *Skrifter* 12, s. 41, 131).

2.1.14 Diftongen -øy- er monoftongert til -ø-

Nokre av ordi med den opphavlege diftongen *øy* er no mest brukte med *ø*, t.d. *trøst*, f., *trøsta* v., men i dei eldste bøkene åt Duun er -øy- vanleg, soleis *trøyist*, f. *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, s. 24), *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 125), *Gamal j.*(1911, s. 68, 104), *Hilderøya* (1912, s. 41, 199), og *trøyista* i bundi form i *Gamal j.*(1911, s. 93), og *trøyista*, v., oftast i pret. (fortid), *Løgl. skr.*, - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 14, 149), *Gamal j.*(1911, s. 15, 54, 189), *Han hadde trøyista seg med at* (*Hilderøya* 1912, s. 165). Seinare er *trøst*, f. eineform, t.d. i *Hilderøya* (1912, s. 70), *Harald* (1915, s. 146), *I stormen* (1923, s. 123), *Straumen og evja* (1926, t.d. s. 115, 245), *Medm.* (1929, s. 197), *Ragnhild* 1931, s. 45) og *trøsta*, v. pret. (fortid), t.d. i *Harald* (1915, s. 14, 181), *I eventyre* (1921, s. 13) og *Siste leveåre* 1933, s. 153).

Førestavingi *øyde-* er monoftongert i *ødelegge*, v., t.d. i *Harald* (1915, s. 183), *Det g. samv.* (1916, i utgåva frå 1924, s. 11) og *Medm.* (1929, s. 28, 60); *øde*, adj. finn me fleire gonger: t.d. i *Gamal j.*(1911, s. 128, 149), *Hilderøya* (1912, s. 193), *Medm.* (1929, s. 71) og *Menn. og m.*(1938, *Skrifter* - - 12, s. 317), og *ødslig*, adj. er nytta eit par gonger: i *Harald* (1915, s. 204), *Straumen og evja* (1926, s. 143) og *Medm.* (1929, s. 24).

Drøyma eller -e, v. har eg ikkje funne noko døme på, men *drømme* er nytta ein gong i *Straumen og evja* (1926, s. 122), og *drømte* i pret. (fortid) er brukt ein gong i *Harald* (1915, s. 59), og ein gong i *Det g. samv.* (1916 i utgåva frå 1924, s. 227), og formi er svært vanleg i bøkene frå 1921 til 1933, t.d. *I eventyre* (1921, s. 106, 118), *I stormen* (1923, s. 35, 105, 156), *Straumen og evja* (1926, s. 184), *Medm.* (1929, s. 52, 91, 190), *Ragnhild* (1931, s. 14, 34,

220) og *Siste leveåre* (1933, s. 66, 79), i *Tredje g.* (Birkel. 1976, bind 4, s. 259). *fløyma* eller -*e*, v. har eg ikkje funne, men *fløynde* i pret. (fortid) er sers vanleg i *På tv.* (1909, her etter utgåva frå 1925, s. 16, 84, 172, 192); *flømte* i pret. (fortid) fann eg berre eitt døme på i *Harald* (1915, s. 154-155).

Av *gløyma*, v. har eg funne berre eitt døme i *Marj.* (1908, *Skrifter* - -1, s. 19), og *gløyne* i *Ragnhild* 1931 (s. 101), og *gløyne*, f. finn me i *alt dagsens liv gjekk i gløyne*, *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 125), og *gløynt*, perf. part. er det fleire døme på i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 15, 83), *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 61, 118), *Gamal j.* (1911, s. 93) og *Hilderøya* (1912, s. 6, 26, 44 og 187). Formi *glømme* vert meir og meir vanleg seinare (*Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 160, *I eventyre* 1921, s. 99, *Ragnhild* 1931, s. 22, 77, *Siste leveåre* 1933, s. 47), *glømte* finn me fleire døme på (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 118, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 218), og *glømt*, perf. part. er svært vanleg, t.d. i *Gamal j.* (1911, s. 14), *Harald* (1915, s. 62, 50), *Det g. samv.* (1916, i utgåva frå 1924 s. 172), *I eventyre* (1921, s. 105), *Medm.* 1929, s. 166), og *Ragnhild* (1931, s. 204). Hokjønnsordi *glømska* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 314) og *Glømsla*, baa i bundi form (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 108) har eg berre funne med monoftong.

Strøyma eller -*e*, v. har eg ikkje funne døme på, men *strøynde* i pret. (fortid) er nytta fleire gonger i dei eldste bøkene, t.d. i *Løgl. skr.* - - (1907, etter utgåva i 1926, s. 38), oftast i *På tv.* (1909, her etter utgåva i 1925, s. 83, 92, 96, 115, 140, 172), og ein gong i *Nøkksjøl.* (1910, *Skrifter* - - 2, s. 35) og *Gamal j.* (1911, s. 155). Former med monoftong og -*te* i pret. (fortid) har eg ikkje funne.

Røst, f., i bundi form *røsta* finst i *Menn. og m.* (1938, *Skrifter* - - 12, s. 164).

Formi *døy*, v. er vanleg i alle dei eldste bøkene fram til 1933 (*Siste leveåre* 1933, s. 35), sameleis med *døyde*, pret. (fortid), i *Straumen og evja* (1926, s. 5), men *døde* om folk er nytta i dei eldre bøkene òg, t.d. i *Harald* (1915, s. 59, 141, 168, 209), *Det g. samv.* (1916, her i utgåva frå 1924, s. 33, 141, 251), og i *Ragnhild* (1931, s. 117, 137, 140) og *Menn. og m.* (1938, *Skrifter* - - 12, s. 173, 243, 311).

Formene *høyre*, v. (t.d. i *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 55, 74, 158, 186, *Gamal j.* 1911, s. 113, 155 og *Hilderøya* 1912, s. 52, 117, 179) og *høynde* i pret. (fortid) er vanlege i alle dei eldste bøkene til og med *Hilderøya* (1912, s. 23, 39, 67, 75, 103), men *høre* finn me frå og med *Harald* (1915, t.d. s. 28, 30, 190, 224) og frametter (t.d. i *Det g. samv.* 1916, her i

utgåva frå 1924, s. 62, 200, *I eventyre* 1921, s. 53, 188, *I stormen* 1923, s. 168, *Straumen og evja* 1926, s. 113 og *Siste leveåre* 1933, s. 21, 91, 113). *høyrdest* v. i passiv er eineform i dei eldste bøkene fram til og med *Hilderøya* (1912, t.d. s. 38), men seinare er *hørtes* vanleg, t.d. i *Harald* (1915, s. 117, 146, 224), *I eventyre* (1921, s. 163), *Medm.* (1929, s. 10, 45, 93, 180) og *Siste leveåre* (1933, s. 109).

Køyra, v. med *-a* finn me berre i dei to eldste bøkene, *Marj.*(1908, her etter utgåva i 1923, s. 138, 146) og *Løgl. skr.* (1907, her etter utgåva frå 1926, s. 143, 144), og *køyrde* i pret. (fortid) (*Marj.* 1908, i utgåva 1923, s. 112), *Løgl. skr.* - - (1907 i utgåva frå 1926, t.d. s. 17, 100, 133) og ein gong i *På tv.* (1909 i utgåva frå 1925, s. 12), *køyrande* pres. (notids) partisipp finst òg der (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 173). Seinare brukar Duun støtt *kjøre* (t.d. i *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 149, *Gamal j.*1911, s. 174, *Harald* 1915, s. 82, *Medm.* 1929, s. 91, *Ragnhild* 1931, s. 64, 201, 203), *kjørde* (oftast i *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, t.d. s. 63, 82, 147) og *kjørande*, pres. (notids)partisipp (*På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 57, 82, *Gamal j.* 1911, s. 18, *Harald* 1915, s. 111, *I eventyre* 1921, s. 197).

2.2 Konsonantismen

2.2.1 Utelating av *-d*

Daud, adj. er ofte skrive utan *-d*, *dau* med mange døme om dyr og fiskar i bøkene frå 1921 til 1933 (*I eventyre* 1921, s. 206, om ein kall i *Medm.* 1929, s. 207, då noko nedsetjande, *Siste leveåre* 1933, s. 166). *Dau* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 257), og *daua*, v. i pret. (fortid) om *a Gammalfaster* (*Medm.* 1929, s. 52), men *daud* er det òg fleire døme på (*På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 27, 86), òg brukt om gamle folk: *no var gamle-presten daud* (*Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 69), *ho var daud og lagd i kista* (same boki s. 43), i flt. *daude* (*På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 7, *Hilderøya* 1912, s. 97). *daude* m., i bundi form *dauden* er vanleg (*Marj.* 1908, i utgåva 1923, s. 109, *Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 111, *Gamal j.* 1911, s. 80, *Hilderøya* 1912, s. 141, 212, *Harald* 1915, s. 202, *Medm.* 1929, s. 106), men me finn òg døme på *daue* (t.d. i *Medm.* 1929, s. 172, *Ragnhild* 1931, s. 135, 177, 209) og bundi form *dauen* (*Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 82, 218, *I eventyre* 1921, s. 188, *Ragnhild* 1931, t.d. s. 24, 55, 277, berre ein gong *dauin* i *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 149). *dauing*, m. finst stundom (*Det g. samv.* 1916. i utgåva frå 1924, s. 149, *I eventyre* 1921, s. 81, *Medm.* 1929, s. 59), i bundi form *dauingen* (*Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 167, *I eventyre* 1921, s. 81, *I stormen* 1923, s. 139, *Medm.* 1929, s. 59), og i flt. *Dauingar* (*Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 163, *Medm.* 1929, s. 52, *Ragnhild* 1931, s. 14).

Dau- finn me i fleire samansetjingar, t.d. *dauklein*, adj. (*Det g. samv.* 1916, i utgåva 1924, s. 149), *daukvit*, adj. (*I eventyre* 1921, s. 120), *dauspark*, n. (same boki s. 78), *daustill*, adj. (*Medm.* 1929, s. 141), *dautake* n. bundi form (*Siste leveåre* 1933, s. 149), *dauvatne*, n. bundi form (*Harald* 1915, s. 211, *I eventyre* 1921, s. 77-78). Om formi *daut*, adj. n. utan *-d-* syner eg til adjektiv-bøying i formverket.

a. Ord med endingi *-nad*, seinare *-na*

Hjå Duun finn me svært mange ord på *-nad* eller *-na*, og alle er hankjønnsord. All skriftleg nynorsk har støtt brukt endingi *-nad*, då uttala *-na* etter dei fleste målføri våre. Berre Nordfjord og Sunnmøre held på *-d*, og no får dei stønad frå bokmålet som har lånt fleire ord på *-nad* frå nynorsk, t.d. *bunad*, *søknad*, og uttalar dei med *-d*. I dei fyrste bøkene sine skriv Duun støtt *-nad*, t.d. *bunad* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 4, 1, s. 41), *hugnad* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 246, *Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 78), *ein månads tid* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 170, *Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 145), og *månad* eller i bundi form *månaden* er heilt vanleg (*Hilderøya* 1912, s. 296, *Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 286, *I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 268). *fysnad* har eg berre funne ein gong i *Tre v.* 1914 (*Skrifter* - - 3, s. 315), og *grånad* (*I ungdomen* 1922, s. 245) og *plognaden*, bundi form (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 70) er heller sjeldsynte. Dei mest vanlege er *lagnad* (t.d. i *Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 230), *letnad* (*Hilderøya* 1912, *Skrifter* - - 2, s. 277) eller *lettnad* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 286), *lovnad*, *saknaden*, bundi form (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 92, *Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 151) og *skilnad* (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 21).

Etter kvart tek Duun til å vraka *-d-*en både i ubundi og bundi form. Fyrste dømet eg har funne med *-na*, er *lovna* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 118), men etter kvart vert dømi mange: *blåna* eller bundi form *blånaen* er det mest brukte av desse ordi hjå Duun (t.d. i *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 103, *I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 159, 167, 206, 258, *I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 186, *Straumen og evja* 1926, s. 70, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 115), *bunaen*, bundi form (*hus-*, *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 5, s. 222), *dugnaen* (*Samtid* 1936, *Skrifter* 12, s. 131), *frestna* (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 132), *ein fysna* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 216), *gråna* (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 81), *hugna* (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 39) og *hugnasam*, adj. (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 7), *lagna* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 195, *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 40, 45, *lagnaen*, *Menn og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 241), *Lesnaen* (*Menn og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 245), *letna* (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 136), *lettna* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 197), *lovna* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 293, *Tredje g.*,

Birkel. 1976 bind 4, s. 118, 119, i bundi form *-en*, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 130, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 245), *markna* (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 268, *-en* s. 267, *til marknas*, i genitiv, s. 266, i målføreformi *martnan*, s. 266, og i samansetjingi *marknasfolk*, n. flt. s. 268), *månaen*, bundi form (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 238), *omflina* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 250, berre eitt døme), *omsnuna* (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 113), *raudnaen*, bundi form (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 167), *sakna* er mest nytta i samansetjingar som *saknadauen*, m. bundi form (*I stormen* 1923, s. 87), *-daui*, m. (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 50, 56), *skapna* (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 270), *vanlagnaen*, bundi form (*Bl.-A* 1924, Birkel. 1976 bind 2, s. 77) og *våгнаen*, bundi form, (*Bl.-A.* 1924, Birkel. 1976 bind 2, s. 87).

Me ser då at *-nad* held seg i lang tid frametter, men *-na* får meir og meir rom i dei seinare bøkene, og i siste boki åt Duun finn me støtt endingi *-na*.

b. *Gard mot gar*

I dei eldste bøkene åt Duun er *gard*, m. den vanlege formi, t.d. i *Løgl. skr.* - - (1907, Birkel. 1976 bind 1 med *steingard* og *skigarden*, bundi form, baa s. 33, og *gardarne*, bundi form flt. s. 14), og *garden*, bundi form, finn me i *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 65).

Men heller tidleg tek formene med *gar* (utan *-d*) til å koma inn, soleis *ein gar* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 175) og *garen*, bundi form (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 228, *Gamal j.* 1911, Birkel. bind 1, s. 226), og *garane* bundi form flt. finn me i *På tv.* (1909, *Skrifter* - - 1, s. 195) og i *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 39). Samansetjingar som *hårgaren*, m. bundi form finn me i *På tv.* (1909, *Skrifter* - - 1, s. 171), *kongsgar*, m. (1909, *Skrifter* - - 1, s. 195), *mannbaren* m. bundi form (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 78), *rokgarane*, m. bundi form flt. (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 82), og *til gars* i genitiv (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 121, 166, 184).

Seinare er *gar* (utan *-d*) mest einerådande i alle former av ordet, berre med eitt unnatak i *til gards*, genitiv (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 257). Kvifor Duun har valt formi *gar* berre i eitt ord er uråd å seia, for i ord med *-rd* (gamalnorsk *-rð*) har målføret hans tjukk *l*, som ikkje nokon stad vert attgjeven med *r*. I *Sigyn* (1913) prøver Duun å skriva tjukk *l* med feit (svart) type i to ord: *væla* (*Skrifter* - - 2, s. 137; *verda*) og *val* (av *verta*, *vart*, *Skrifter* - - 2, s. 139), men det finst ikkje liknande freistnader seinare.

2.2.2 Former med *-all* mot nyare med *-al*

Formi *gamall*, adj. finn me oftast i *Løgl. skr.* - - og *Marj.*, men der er formi heilt vanleg, t.d. *på gamall manns vis* (*Marj.* 1908, her i utgåva frå 1923, s. 13, liknande døme s. 36, 48, 58 og 173) og i *Løgl. skr.* - - (1907), t.d. *ei gamall, tjukk kona* (i utgåva frå 1926, s. 151, og fleire døme s. 12, 57, 63, 135, 173) og i *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 25). Nokre samansetjingar med *gamall* er heilt vanlege: *gamallhest*, m. (*Tredje g.*, Birkeland 1976 bind 1, s. 94), *gammaltrea*, n. flt. bundi form (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 1, s. 53), og *gamallvoren*, adj. (*Løgl. skr.* - - 1907, her i utgåva frå 1926, s. 11) og i flt. *gamallvorne* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 1, s. 51), *gamallvorne klæda* (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 122).

Seinare held Duun seg til formi *gamal* i fleire av bøkene sine, t.d. *Gamal j.* (1911, s. 11, 12, 38, 123, 146), *Hilderøya* (1912, s. 25, 114, 139), *Harald* (1915, s. 62, 120, 199) og i nyare utgåver av *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 7, 59, 108), *Det g. samv.* (1916, i utgåva frå 1924, s. 9, 105, 181, 219), men frå rundt 1920 er *gammal* den vanlege formi, t.d. i *I eventyre* (1921, s. 63, 79, 203), *I stormen* (1923, s. 30, 74, 78), *Straumen og evja* (1926, s. 54, 234), *Medm.* (1929, s. 48, 104, 150), *Ragnhild* (1931, s. 67, 130, 168) og *Siste leveåre* (1933, s. 33, 59, 152).

Tagall, adj. er nytta nokre gonger i *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 58), og i eit par døme i utgåva frå 1923 (s. 27, 95, 123), og ein gong i *Straumen og evja* (1926, s. 24), men *tagal* er nytta alt i *På tv.* 1909 (her i utgåva frå 1925, s. 49) og i *Hilderøya* (1912, s. 20, 68, 220), og seinare i *Ragnhild* (1931, s. 76); no er *tagal* eineform i skriftmålet.

Formi *livall*, adj. har eg berre støytt på ein gong (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 290); no er *lival* eineform i skriftmålet.

2.2.3 Konsonantsamband

a. *ld*

ld er støtt nytta i samsvar med skriftmålet i samtidi, og *skulde* og *vilde*, v., baa i pret. (fortid) er einerådande i alle bøkene; no *skulle*, *ville*. *snild*, adj. er i samsvar med landsmål og eldre nynorsk med *snildt* i n. og *snilde* i flt., no berre *snill*.

b. *nd*

nd er støtt brukt i samsvar med skriftmålet i samtidi, so *kunde*, v. i pret. (fortid) er eineform i alle bøkene; no *kunne*. *brand*, m. er jamt over skrive med *-nd*, slik som i eldre mål, t.d. i *Løgl. skr.* - - 1907 (i utgåva frå 1926, s. 126, 149), *Gamal j.* (1911, s. 208), *Hilderøya* (1912, s. 31, 107), *I eventyre* (1921, s. 205), *I stormen* (1923, s. 179), men no er *brann* eineform i skriftmålet. *grand*, n. er det mange døme på heile vegen, t.d. i *Ragnhild* (1931, s. 61, 192) og *Siste leveåre* (1933, s. 103, 118, 134), men *grann* er meir sjeldsynt (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 177, 274); no er *grann* vanleg i skriftmålet.

c. *mb*

mb finn me berre i dei eldste bøkene, og då i samansetjingar, t.d. *bårekamb*, m. (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 90), *hanekamb*, m. i *Løgl. skr.* (1907, - - Birkel. 1976 bind 1, s. 60), og *klembde*, v. i pret. (fortid) i *Løgl. skr.* (1907, Birkel. 1976, bind 1, s. 65); sjå om *timber*, n. i vokalismen med overgang frå *i* til \emptyset .

d. *mm* i utlyd

Stundom prøver Duun seg med former i strid med skriftmålet, og han har heller mange døme med *-mm* i utlyd: *dramm*, m. (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 152, *Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 66) og samansetjingane ”*roardramm*” *Løgl. skr.* - - (1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 143) og *sildverkardramm* i *Tre v.* (1914, *Skrifter* - - 3, s. 280), *kamm*, m. (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 248), *klemm*, m. (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 178), *lamm*, n. (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 170) og i samansetjingane *morslamm* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 245) og *veralamm* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 241), *skamm*, f. (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 90) og i samansetjingane *folkeskamm* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 243) og *syndeskamm* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 251).

e. *rn* eller *nn*

Duun brukar jamt *-rn* i alle vanlege ord som *barn*, n., *korn*, n., *jarn*, n., eit unnatak er målføreformi *bonnom*, dativ flt. (sjå om dativ i formverket), men i sume ord er *-nn* heller vanleg. Døme er *bjønn*, m. (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 67, og fleire døme *I eventyre* 1921, s. 181, 207, og i *Skrifter* - - 5, s. 250, *Bjønnen*, bundi form, s. 249), *hynne*, n. (hyrne) har eg berre funne med *-nn-* (*Gamal j.* 1911, s. 38, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter*, - - 3, s. 149 og i *Samtid* 1936, s. 227), og i ei samansetjing *bordhynne* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 263). Av *kvern*, f. finn me mange døme med *-nn-*, i bundi form *kvenna* (*Juvik.* 1918,

Skrifter - - 5, s. 64), og i *Medm.* (1929) er det mange døme, mest i samansetjingar: *kvennbruke*, n. bundi form (*Skrifter* - - 10, s. 74), *kvennhuse*, n. bundi form (*Skrifter* - - 10, s. 104, 112), *kvennhuskammerse*, n. bundi form (*Skrifter* - - 10 s. 103), i *Ragnhild* (1931, s. 91, med to døme). Ei merkeleg form er *kvernor*, flt. (*Gamal j.* 1911, Birkeland 1971 bind 1, s. 236) og i bundi form *kvernone* (s. 237) etter *linne* hokjønnsord. Av *tjørn*, f. finn me stundom formi *tjønne* (*På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 108, *Hilderøya* 1912, s. 9) og bundi form *tjønna* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 101).

f. g- eller gj- føre -ei og -øy

I norsk rettskriving skriv me støtt g- føre dei høge vokalane *i* og *y* og diftongane *ei* og *øy*, medan uttalen er med *j-*, *gj-*. Duun tok tidleg til å skriva *gj-* i framlyd, og dømi er mange serleg av *gjeit*, f. (t.d. i *Hilderøya* 1912, s. 229, *I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 150), *gjeita*, bundi form (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 55, *Hilderøya* 1912, s. 219, *gjeita mi*, *Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 120, *Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 311), *gjeiter*, ubunde flt. (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 148), *gjeitene*, bundi form flt. (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 159), og i samansetjingar som *gjeitfjøre*, n. bundi form (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 260, 262), *gjeitost*, m. (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 152). Vanlege former er *gjeispar*, v. i pres. (notid) (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 197), og *gjeispa* i pret. (fortid) finn me i *Sigyn* (1913, *Skrifter* - - 2, s. 184, *Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 271, *I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 184).

Dømi med *gj-* føre *øy* er noko færre, og i *Marj.* finn me *gøyma*, v. med *g-* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 23), og *gøymde* i pret. (fortid) er or dei tidlegaste bøkene (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 217, 226, *Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 10, *Tredje g.* Birkel. 1976 bind 4, s. 159); *gjøye seg*, v. (*Samtid* 1936, s. 116), *gjøydde*, v. pret. (fortid) finn me i *Vegar og v.* (1930, Birkel. 1976 bind 3, s. 71, og i *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 53), og *gjøydd*, perf. part. i *Juvik.* (1918, *Skrifter* - - 5, s. 76), *gjøymte* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 260).

g. k- eller kj- føre ei

kj- er det berre eit par døme på: *kjeimen*, m. bundi form (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 173), *kjeipen*, m. bundi form (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 171), og *kjeisamt* adj. n. (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 127).

h. sk- eller skj- føre -ei og -øy

I all rettskriving brukar me *sk-* føre dei høge vokalane *i* og *y* og diftongane *ei* og *øy*, og hjå Duun er *sk-* vanleg føre *-i*, t.d. *skin*, v. pres. (notid) i *Gamal j.* (1911, s. 69) og i *Etterm.* (1932, *Skrifter* - - 11, s. 31), *skinande*, pres. (notids) partisipp (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 2, s. 182), men *skjin* finst det døme på òg (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 84). Framfor *ei* er det mange døme med *sk-*, serleg *skein*, v. pret. (fortid), då oftast i dei eldste bøkene (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 63, *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 98, 99, *Nøkkjøøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 23, *Gamal j.*, 1911, Birkel. 1976, s. 160). Heller tidleg tek Duun til å skriva *skjein* med *skj-* i samsvar med utttalen (*skj-*lyden), t.d. i *Gamal j.* 1911 (Birkel. 1976 bind 1, 212), *Hilder.* 1912 (*Skrifter* - - 2, s. 284), *Sigyn* 1913 (*Skrifter* - - 2, s. 99), *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 39, 75), og den formi finn me ofte att seinare òg (t.d. i *Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 30, 36, *Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 199, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 137, 152, *I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 192, 251, *Bl.-A.* 1924, Birkel. 1976 bind 2, s. 161, *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 44, *Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 25, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 21,51).

Skjei, f. er det fleire døme på (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 181), mest i samansetjingar som *hornskjeia*, bundi form (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 233), *-skjeier*, ubunde flt. (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 164), *teskjeier*, ubunde flt. (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 254). Me finn *skjeis*, adv. i *Tre v.* (1914, *Skrifter* - - 3, s. 231), og *skjeisor*, f. flt. er nytta tre gonger i *Gamal j.* (1911, s. 71, 74).

Formi *skjeiv* adj. er heilt vanleg, med fleire døme (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 284, *Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 83, 91; *skjeive tenner*, adj. flt., *Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 25, *det skjeive golve*, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 317), *skjeivande*, pres. (notids) partisipp (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 98), *skjeive*, m. (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 230, *på skjeiven*, bundi form, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 50), *skjeive*, v. (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 173, *skjeive i veg*, *I eventyre* 1921, s. 129), i pret. (fortid) *skjeiva* (*I stormen* 1923, s. 179) og *skjeivkjefta*, adj. (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* 12, s. 287).

Skj- føre-*øy* er mindre brukt, men *skjøyta*, f. bundi form er det fleire døme på (*Hilder.* 1912, *Skrifter* - - 2, s. 270, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 133, 151, *Menn. og m.* 1938,

Skrifter - - 12, s. 318) og samansetjingane *Varalskjøyta*, sernamn (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 134) og *nyskjøyta* (*Hilderøya* 1912, s. 133). Fleire døme finst i *Siste leveåre* (1933, s. 70, 80, 85, 147).

i. *Endestaving med -ske eller -skje*

Berre stundom skriv Duun *byske*, n. (*Gamal j.* 1911, s. 67), men *byskje* er heller vanleg (*Løgl. skr.* - -, i utgåva frå 1926, s. 145, *Hilder.* 1912, *Skrifter* - - 2, s. 293, *I eventyre* 1921, s. 37, 84, *Straumen og evja* 1926, s. 143, 162, *Medm.* 1929, s. 46, *Ragnhild* 1931, s. 193-194), og i bundi form flt. *byskja* (*Hilderøya* 1912, s. 35, *I eventyre* 1921, s. 89). Berre ein gong har eg funne *huskje*, adj. (*I eventyre* 1921, s. 141). *menneske*, n. er den heilt vanlege formi hjå Duun, men *menneskje* finst i sume av bøkene, oftast i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, t.d. s. 12, 23, 101 og 152), men òg i *Marj.* (1908, i utgåva 1923, s. 116, 123, *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 82 og *I stormen* 1923, s. 75, 78). *ufriskje*, n. er berre skriva med *-skje* (*Bl.-A.* 1924, Birkel. 1976 bind 2, s. 115, *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 78).

j. *-ke eller -kje*

Eg har berre funne ei samansetjing med *blaut-*, skrivi *blautdikje*, n. (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 146; *alle dei blautdikje som fanst*), men i formi *blautdike* (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 54).

k. *-kke eller -kkje*

stykke, n. er den vanlege formi hjå Duun heile vegen, og *stykkje* finst berre stundom (*Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 28, *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 105), i bundi form flt. *stykkja* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 232), i samansetjingi *skarvstykkja* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 202).

Om palatalisering syner eg til formverket.

2.2.4 Lang vokal og stutt konsonant eller stutt vokal og lang konsonant.

Bøn, f. er den vanlege formi hjå Duun i alle dei eldste bøkene, men *bønna*, bundi form finst òg (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 254), og i dei siste bøkene finn me jamt formi *bønn* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 219), som helst er eit lån frå bokmål.

Grøn, adj. er den heilt vanlege formi hjå Duun i alle dei eldste bøkene og langt frametter (t.d. i *Medm.* 1929, s. 158, *Ragnhild* 1931, s. 72, 138), men stundom finn me *grønn* (*grønne*, adj. flt. i *Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 264, *det grønne*, same boki s. 315), som er nytta i fleire samansetjingar: *grønngamalt glas*, n. (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 266), *brungrønne*, adj. flt. (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 35), *gulgrønne ruter* (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 100) og *grønnaste*, adj. i *superlativ* (høgste graden i samanlikning) (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 56). I Norsk Ordbok band 4 2002, på *grøn*, skriv dei at *grønn* er vanleg mange stader, serleg i bymål, men òg i Trl. (Trøndelag) og NNo (Nord-Noreg) mst (mange stader).

Brot, n. er vanleg i dei eldste bøkene, t.d. i *Hilderøya* (1912, s. 60) og *Harald* (1915, s. 96), men seinare er *brott* nytta (*Medm.* 1929, s. 170, 203, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 270, *brott for brott*, same boki s. 304), og i samansetjingi *brotsjøen*, m. bundi form (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 303).

Flot, n. er vanleg med *-tt* hjå Duun, t.d. på *flott* (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 124). *fok*, n. er nytta ei tid, t.d. i *rok og fok* (*Gamal j.* 1911, s. 49, 50) og i samansetjingi *foksnøen* m. bundi form (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 53), men seinare er *fokk* vanleg (*I stormen* 1923, s. 249, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 180).

Lok, n. er vanleg med *-kk*, i samansetjingar: *-lokka*, bundi form flt. (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 134), *augelokka* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 193). *lut*, m. er nytta i *lut og lunnar* (*Harald* 1915, s. 133), men *lott* er meir vanleg, t.d. på *lott* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 143), i samansetjingi *valdslott*, m. (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 192, *I stormen* 1923, s. 13, 52).

Rok, n. er vanleg i *etter regn og rok* (*Gamal j.* 1911, s. 208), *med regn og rok* (same boki s. 24) og i samansetjingi *rokgarane*, m. flt. bundi form (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 82), men seinare er *rokk* vanleg, t.d. i *Ragnhild* (1931, s. 23, 25), og bundi form *rokke* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 163).

Skut, m. finn me i formi *skotten*, bundi form i *Det g. samv.* (1916, *Skrifter* - - 4, s. 136), men *skotte* bundi form (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 154) og samansetjingi *vedskotte* (*På Lyngs.* 1917, s. 84) ser ut til å vera inkjekjønnsord.

Uven, m. og *uvener*, flt. er vanleg i dei eldste bøkene, men *uvenner* finn me alt i *Harald* (1915, s. 185, og i *Skrifter* - - 4, s. 107), og denne formi er vanleg seinare, t.d. i *Siste leveåre* (1933, s. 178). Sameleis er det med *godven* eller *godvenn*.

Ven, m. er den vanlege formi hjå Duun fram til 1930-åri, men *venn* finn me alt i *Sigyn* (1913, *Skrifter* - - 2, s. 100) og i boktittelen *Tre venner* (1914), og frå kristelege møte er det jamt tale om *Vennen*, bundi form (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 157), *venner*, ubunde flt. (same boki s. 160, 164), *vennene*, bundi form flt. (same boki s. 166), og samansetjingar som *vennemøte*, n. (same boki s. 160), *venneskare*, m. (same boki s. 169).

Vit, n. er den einaste formi hjå Duun i båe dei fyrste bøkene, men etter kvart vert *vett* meir og meir vanleg, t.d. i *Hilderøya* (1912, s. 180) og *Harald* (1915, s. 160), og sers vanleg i *I stormen* (1923, s. 97), *Medm.* (1929, s. 122, 148) og *Ragnhild* (1931, s. 7, 77), og i samansetjingar som *vettløysa*, f. bundi form (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 295).

En, adv., konjunksjon er svært vanleg i alle dei fyrste bøkene åt Duun fram til og med *Hilderøya* (1912), men alt i *Gamal j.* finn me *enn* (1911, s. 10, 19), sameleis i *Harald* (1915, s. 39, 135, 215), og i 1920-30-åri er *enn* einerådande, og sameleis i alle bøkene seinare.

Lel, adv. er vanleg i eldre skriftmål, og hjå Duun er *lel* den vanlegaste formi fram til fyrst i 1930-åri, men *lell* finst alt i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 26, 64, 132) og *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, s. 8, 37), *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 83, 141), *Gamal j.* (1911, s. 12, 17) og *Hilderøya* (1912, s. 12, 102), og *lell* er den vanlege formi i 1920-åri og seinare.

3. Jamvekt og jamning

Jamning og tiljamning grip inn i både vokalismen og konsonantismen, so difor kjem omtalen for seg her. Linne hankjønnsord på gamalnorsk hadde endingi *-i* i nominativ, i andre kasus *-a*, og ord med *stutt* vokal og *stutt* konsonant, stuttstava ord (sameleis i Nord-Gudbrandsdalen enno), fekk seinare påverknad frå endingi *-a* på rotvokalen til *-a-a*, i fleire målføre heilt til *å-å*, med full utjamning (t.d. i Nord-Østerdalen og Inntøndelag), men formene i Namdalen har *-a-a*. I stuttstava linne hokjønnsord var endingi *-a* i nominativ, i andre kasus *-u*, truleg *-o* òg, so desse ordi fekk seinare påverknad på rotvokalen til *-o-* eller *-u-* frå endingsvokalen, og me finn former med *-u-u* eller *-o-o*, t.d. i trøndsk. I ytre Namdalen har desse formene fått *-o-o-*,

og oftast lengjer dei konsonanten; sjå døme nedanfor her. I hankjønn finn me *kragan* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 213, i samansetjing *skinnkragan*, same boki, i utgåva frå 1924, s. 129), *selan*, utan utjamning (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 235), *skaran* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 256), *stagan* (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 49), men oftare *stegan* utan utjamning (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 85, 87, 129, 133).

I hokjønn er *furu*, i bundi form *furua* heilt vanleg, og *hokko* finn me i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 95), *kånnå di* (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, 119), og i samansetjingi *nykånnå-kjolen*, m. bundi form (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 172), *loddo* (i tydingi løe) i samansetjingi *høyloddo* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 229, 276), *oppsøttu* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 31, utan utjamning; i *Trønderordboka* 1997, s. 181 finn me *oppsete* med *-suttu* eller *-sotto*, i fleire trøndermål), *roko* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 35), i bundi form *rokoa* (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 50) eller *rokkoa* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 232), *sloddo* (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, 35) og i samansetjingi *sloddodasken*, m. bundi form (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 207), *småpokko* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 268; *Trønderordboka* 1997, s. 232 på *småpoke* har tydingi barnekoppar). I *På Lyngs.* (1917, *Skrifter* - - 3, s. 79) finn me tre former i stadnamn med *ó-ó*: *Stóddó*, *Sóttó* og *Lóggó*, og tydingi er grei: *for ein stad måtte ein stå, og ein stad sitte, og ein stad ligge*, når ein var på kobbejakt.

4. Samanskriving i eitt ord av preposisjon og styring mot no i to ord

Samanskriving i eitt ord av ein preposisjon og styringi hans er det mange døme på hjå Duun. Med *i-* har me t.d. *ikveld* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 221), *ilag* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 173), *iland* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 305), *iveg* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 171, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 54), *ivêre* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 246), og fleire døme med *til*: *tilendes* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 244), *tilfjells* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 162), *tillands* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 226), *tilrors* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 183), *tilsengs* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 246, *Gamal j.*, Birkel. 1976 bind 1, s. 234), *tilsides* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 169, *Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 26, *Det g. samv.*

1916, *Skrifter* - - 4, s. 250), *tilskogs* (*Løgl. skr.* 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 64), *tilsvars* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 84), *tilvers* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 184), *tilvers* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 253), *tilvinds* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 59) og *tilværs* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 221).

5. -gt i eldre mål mot no -kt

I eldre skriftmål skreiv dei vanleg -gt, -gt-, der me no brukar -kt, -kt-, og Duun fylgjer denne skrivemåten i fleire av bøkene sine, t.d. *agte*, v. (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 143), no *akte*, *frygta*, f. bundi form, i samansetjingi *gudsfrygta* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 152), no *frykt*, f., -*jagta*, f. bundi form (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 66), no -*jakta*, *jægta*, f. bundi form (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 174, 176), no *jekta*, *knigt*, m. (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 153), *knegt* (same boki s. 270) og seinare *knekten*, bundi form (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 239), *lugtar*, v. pres. (notid) (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 221), no *luktar*, *magt*, f. (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 149) og *magta*, bundi form (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 193, *Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 328), no *makt(a)*, *slegta si*, f. bundi form (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 262), no slekta si.

6. Formverk

6.1 Substantiv

6.1.1 Kjønn

Det er heller fåe avvik hjå Duun i ord med anna kjønn enn dei vanlege i skriftmålet: *ande*, f., i bundi form *anda*, er vanleg i dei eldste bøkene (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 10, 15, 96, 128, *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 7, 95, *Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 199 og *Hilderøya* 1912, s. 138, 141, 197), og hokjønnsformi er heilt vanleg i dei seinare bøkene. *Ei blink* er det fleire døme på (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 244, *I eventyre* 1921, s. 12, 42, *I stormen* 1923, s. 65, 96, *ei lita blink* s. 101-102; *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924 s. 110, *Medm.* 1929, s. 127, *Straumen og evja* 1926, s. 130, 215, *Ragnhild* 1931, s. 17, 76, *Siste leveåre* 1933, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 1, s. 218), men *blink*, m. er òg nytta i dei same bøkene, og stundom i dei eldste (*På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 140, 155, *Hilderøya* 1912, s. 26, 31). *gave*, m. er det fleire døme på (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 272, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 100, 126), *oppgaven sin* i bundi form (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 253), og stundom *ein gåve* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 228). *igle*, f. finst stundom (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 97), og det er hokjønnsord i fleire målføre etter Norsk Ordbok

2005, band 5. *ei låt*, bundi form *låta*, finn me i *Etterm.* (1932, *Skrifter* - - 11, s. 109); *plik*, m. er nytta i *ein hellig plikt* (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 68), *plikten*, bundi form (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 116), og i samansetjingi *ein kristenplikt* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 201); fleire gonger finn me *ein gjerning* (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 100, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 208, *hans eigen gjerning*, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 95 og i bundi form *gjerningen*, same boki s. 101). *hending*, m. finn me i *Samtid* (1936, *Skrifter* - - 12, s. 50). *gjeld*, m., i bundi form *gjelden*, er nytta i *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 189, 190), og hankjønn er vanleg i fleire målføre etter Norsk Ordbok 2005, band 4. *rase* er hokjønnsord i *ei strid rase* (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 84).

Ei vanleg hokjønnsform i dei eldste bøkene er *ei tåra* eller *tåre*, og då med flt. på *-or*, *-one*, t.d. *tårar* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 76, *Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 1, s. 21), *tårone* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 223, 229), men so etter kvart kjem hankjønnsformi *tårar* i flt. inn (fyrste gongen i *Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 204, og i *Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 268, og eit par døme i *Ragnhild* 1931, s. 28, 143), og *tårane*, i bundi form (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 3, s. 96) og i *Ragnhild* (1931, s. 26, 120, 188, 219), men so finn me *ei tåre* att (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 220).

6.1.2 Hankjønn

Hankjønnsordi kan me dela i tre grupper. Den største får i flt. endingi *-ar*, *-ane*, hjå Duun då *-arne* i dei to eldste bøkene, t.d. *kveldarne* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 15), *gardarne* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. bind 1, s. 14), *knutarne* (same boki s. 18), og i forteljingi *Kvar har no sitt* (1908, prenta i *Gauldølen* 5. mars, Birkel. 1976 bind 1, s. 25-28; sjå òg i *Biografiske opplysningar* s. 269; her er *fingrane* ei avvikande form då, s. 26). Seinare er *-ane* den vanlege formi hjå Duun.

Ei heller stor gruppe får i flt. endingi *-er*, *-ene*, hjå Duun *-erne* i dei to fyrste bøkene, t.d. *kvisterne* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkeland 1976 bind 1, s. 33), og eitt døme i *På tv.* (1909, *veggjerne*, *Skrifter* - - 1, s. 191); seinare er *-ene* vanleg. Ord som høyrer hit, er t.d. *gjester* (*Gamal j.* 1911, s. 103, 104), *gjestene* i bundi form (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 249), *lemer* (*På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 33, 91, 161), *lemene*, i bundi form (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 205, 208), *leter* (t.d. i *Hilderøya* 1912, s. 131, *Harald* 1915, s. 47, 94, 175, *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 97-98, *Straumen og evja* 1926, s. 44, *Medm.* 1929, s. 37, *Ragnhild* 1931, s. 136), *sauer* (*På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 88, *Gamal j.* 1911, s. 77, 99), *sauene* i bundi form (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 195), *stader* (t.d. i *Marj.* 1908, i utgåva frå

1923, s. 78, *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 192, *Hilderøya* 1912, s. 47, *I eventyre* 1921, s. 179, *I stormen* 1923, s. 113, *Ragnhild* 1931, s. 164).

Fleire ord med ubundi form eintal på *-g(g)*, *-ng*, *-k(k)* og *-nk* får flt. med *-er*, *-ene*, og i landsmål og eldre nynorsk får dei ofte former med *-j-* i flt., på gamalnorsk med *-ir* som gjev *-j-* (palatalisering eller *j*-fengen, *-j*-halden uttale; former med *-j-* finst i mange målføre). Hjø Duun er det mange døme, svært ofte i (*På tv.* 1909): *bekkjer* (*Skrifter* - - 1, s. 156, 190), *bekkjene*, bundi form *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 9, 10), *blodflekkjer* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 160), *båreryggjer*, og *husveggjer* (båe i same boki, s. 160), *ryggjene*, bundi form (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 41), *sekkjene*, bundi form (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 231), *strengjerne*, bundi form (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 116), *veggjerne*, bundi form (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 191), men *veggjene* (same boki s. 240), og *vengjene*, bundi form (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 55). Framfor *-a* skulle me ikkje ha venta *-j-*, men Duun skriv *Skogengjane* bundi form (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 216). Heller snøgt tek Duun bort denne *-j*-en og skriv *-flekkene* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 169), *leggene* (same boki s. 107), *ryggene* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 301) og *veggene* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 163).

I ei mindre gruppe finn me nokre hankjønnsord med omlyd i flt., t.d. *bog*, *bror*, *fot*, *mann*, *nagl* og *son*, i ubunde flt. *bøger*, *brør*, *føter*, *menner*, *negler*, alle med einstavings tonelag, medan *søner* jamt har tostavings tonelag. Bundi form får då *-rne*, sjå om *-rn* i målføret i omtalen av hokjønnsordi. I dei to eldste bøkene finn me ofte *-rne*: *føterne* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 17, 42, i utgåva frå 1923, s. 18, 63, *Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 8, 36, 99), *mennerne* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 21, i utgåva frå 1926 i fleire samansetjingar, t.d. *mot-*, *tømmer-*) og i samansetjingi *engelsmennerne* (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 65, 70, 71), *neglerne* (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 164, *Løgl. skr.* - - , i utgåva frå 1926, s. 17). Heilt fram til 1934 finn me formi *bøgerne* (i *Idyll*, prenta det året etter *Bibliografiske opplysningar i Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 269, formi står på s. 230).

Etter kvart tek desse formene med *-erne* til å gå ut for *-ene*: *føtene* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 163), *neglene* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976, bind 1, s. 195), men *husmennerne* er nytta i *Sigyn* (1913, *Skrifter* - - 2, s. 169), og *sønerne* er vanleg i *Gamal j.* (1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 270) og *Hilder.* (1912, *Skrifter* - - 2, s. 247). Seinare er *-ene* den vanlege formi, t.d. *sønnene* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 282 og *I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 222), men *sønene* i *Etterm.* 1932 (*Skrifter* - - 11, s. 48).

I ei liti gruppe for seg står *ljå* og *sko* med *-r* i ubundi form og *-rne* i bundi form flt. I dei to eldste bøkene er *skorne* eineform (*Marj.* 1928, i utgåva frå 1923, s. 17, 128, *Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 77, 83, 88, 144), og *treskorne* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 64). I bøkene etterpå går Duun over til formi *skone* utan *-r-*, t.d. i *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 33, 38, 53, 192), *Gamal j.* (1911, s. 57, 86), *Hilderøya* (1912, s. 179), *Harald* (1915, s. 150), *I eventyre* (1921, s. 100) og *I stormen* (1923, s. 46, 77), og i alle dei seinare bøkene.

Om *-a* og *-an* i stuttstava linne hankjønnsord syner eg til jamvekt og jamning framfor her.

6.1.3 Hokjønn

Den største gruppa av hokjønnsord er dei sterke, som jamnast får endingi *-a* i bundi form eintal hjå Duun, men stundom finn me døme med *-i*. Einaste staden han brukar *-i* med full konsekvens, er i forteljingi *Kvar har no sitt* (1908, prenta i *Gauldølen* 5. mars, her etter *Tredje g.*, Birkel. . 1976 bind 4, s. 25-28; prentestaden er teken med i *Biografiske opplysningar*, s. 269). Dømi med *-i* er *samlingi* (s. 25), *sanningi*, *Tidi* (s. 26) og *reisi*, *handi*, *linningi* (s. 27), og adj. på *-en* får *-i* i hokjønn: *strivori* (s. 26), *nyfiki* (s. 27). I inkjekjønnsord brukar han *-a*: *fjella* (s. 26). Om former med *-i* i bundi form flt. inkjekjønn syner eg til *Inkjekjønn* nedanfor her.

Det er svært sjeldan å finna bundi form med palatal (*j*-fengen uttale), her *-gj-* i *korgja* (*Juvik.*, *Skrifter* - - 5, s. 16, og i samansetjing s. 54), og *sveigja* (til ei *sveig*), og i flt. *korgjer* (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 41). I dei eldste bøkene er *-erne* vanleg i bundi form flt., t.d. *tauserne* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976, s. 32, 42, *Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 15), *kinnerne* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 21, 84), *bønerne* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 118), eit unnatak er *sjøferdene* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 48) utan *-r-*. Seinare er former med *-ene* einerådande.

Sidan Duun skil mellom *-er* i dei sterke og *-or* i dei linne i flt., vert det heilt avgjerande om grunnformi er sterk eller linn, t.d. *molt* (*I eventyre* 1921, s. 38, 44, vanleg *ei molte* i skriftmålet), og difor *moltene* i bundi form flt., *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, s. 14). Formi *svesker*, flt. tyder på at *svesk* er sterkt hokjønnsord (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 191; *sviske* er vanleg lint hokjønnsord i skriftmålet).

Ei heller stor gruppe med hokjønnsord får endingane *-ar*, *-ane* i flt., t.d. *elv*, *erm*, *herd*, *myr*, *reim*, *øy* og alle ordi på *-ing*, og hjå Duun finn me fleire av dei. Døme kan vera *myrarne* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 33), og heller ofte *myrane* (*Gamal j.* 1911, s. 148, *Harald* 1915, s. 113, fleire døme i *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 7, 125, 127, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 43 og *I stormen* 1923, s. 55, 130), *mjødmarne* (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 28), *grindane* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 197), *reimane* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 275), *øyane* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 146), *årarne* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 58), *årane* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 307, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 4, s. 151). Døme på *-ing* er det færre av: *kjerringane* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 191).

Ei større gruppe hokjønnsord får omlyd i flt., og dei har einstavings tonelag i flt., t.d. *bok*, *bot*, *brok*, *fonn*, *glo*, *hand*, *klo*, *lus* (*lyser* i flt.), *mork* (no *mark*), *mus* (*myser*), *natt*, *not*, *skåk*, *strand*, *tann*, *tå*, *vom*, men nokre av dei har einstavings tonelag i flt. utan omlyd, t.d. *bjørk*, *geit*. Hjå Duun finn me mange av desse formene, og då har dei jamt bundi form flt. på *-erne* i samsvar med målføret i ytre Namdalen med *-rn*, t.d. *bøkern* i ein målføretekst (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, 211); i norsk lydskrift er *rn* skriven med prikk under *r* og *n* (tjukk uttale). Me finn svært mange former med *-rne* hjå Duun: *bøkerne* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 18, *På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 177, *Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 87, *Hilderøya* 1912, s. 75), *fennerne* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 155), *henderne*, (ei mengd døme fram til og med *Hilderøya* 1912, t.d. s. 9, 14, 44), *merkerne* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 4, s. 278, meir utførleg nedanfor her), *næterne* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 47), *skjækerne* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 94), *strenderne* (mange døme or *Hilderøya* 1912, s. 8, 43, 97), *tennerne* (ei mengd døme i dei eldste bøkene fram til og med *Hilderøya* 1912, s. 28, 77, 105, 151); i lag med desse formene finn me formi *krefterne* (då venteleg med tostavings tonelag; *På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 55).

Korleis har det so gått med desse formene seinare i bøkene åt Duun? Sume av formene går ut heller snøgt, men fleire av dei held seg godt fram til og med *Hilderøya* (1912), og då fell *-erne* ut mot *-ene*. Soleis vert *næterne* skift ut tidleg med *-ene*: *nætene* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 206, 213, *Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 126, *Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 173, *nættene*, *Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 283, seinare *nettene*, *I event.* 1921, s. 239), og *krefterne* fell ut alt i *På tv.* (1909, *Skrifter* - - 1, s. 136); *bøkerne* finst i *Hilder.* (1912, *Skrifter* - - 2, s. 224), men seinare er *bøkene* eineform (t.d. *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 208, *Straumen og evja* 1926, s. 235, *Medm.* 1929, s. 45, 75), *nøtene* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - -

3, s. 172). *henderne* er vanleg i *Hilder*. (1912, *Skrifter* - - 2 s. 272, 286, 297), men frå og med *Harald* (1915, s. 58, 121, 153) er *hendene* eineform, sameleis *strenderne* (*Hilder*. 1912, *Skrifter* - - 2, s. 208, 240), men *strendene* i *Tre v.* (1914, *Skrifter* - - 3, s. 179, 305) og *tennerne* (*Hilder*. 1912, *Skrifter* - - 2, s. 240, 275).

I ein klasse for seg står formi *merkerne* som held seg gjennom heile forfattarskapen frå *Gamal j.* (1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 278), over *Tre v.* (1914, *Skrifter* - - 3, s. 214), *I bl.* (1919, *Skrifter* - - 5, s. 201), *Medm.* (1929, i fyrsteutgåva s. 42, formi med *-ene* utan *-r* i *Skrifter* - - 10, s. 33 må vera ein prentefeil), og heilt fram til *Menn. og m.* (1938, *Skrifter* - - 12, s. 173: *han var just ikkje mange merkerne da*).

Linne hokjønnsord endar på *-a* i ubundi form i dei eldste bøkene åt Duun, ei form som enno er sideform i nynorsk, men seinare er *-e* den vanlege formi hjå Duun. Ubundne former med *-a* i eintal kan t.d. vera *ei eiterblåsa* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 50), *ei trossa* og *ei tett skodda* (båe i *Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 55), *ei tuva* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 65), *ei storvaksi gjenta* (same boki s. 135), men alt i *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, prøver Duun å gå over til *-e*: *ei - - gjente* og *ei rukke*, s. 65, *ei lukke*, s. 79. Lell kjem *-a* att i ubundi form fleire stader: *ei sog*a (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 237), *ei og anna storbåra* (*Hilder*. 1912, *Skrifter* - - 2, s. 231), *ei veka* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 272), *ei lang sog*a (*Vegar og v.* 1930, Birkel. 1976 bind 3, s. 172), med fire døme i *Samtid* 1936: *ei kjeidarleg affæra kanskje?* (kursivert i boki òg, truleg ei herme etter ein lærar, *Skrifter* - - 12, s. 111, men utan kursiv s. 57, 59), *Der gjekk ei arbeidsveka* (same boki s. 103), *på kvar sida* (same boki s. 135), *Han fekk ei hosteflaga* (same boki s. 139), og to gonger i siste boki hans, *Menn. og m.* (1938): *ei ulykka* (*Skrifter* - - 12, s. 156) og *kvar har si sog*a (same boki s. 150).

I bundi form eintal er *-a* eineform, t.d. *smidja* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 99, seinare *smia*, *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 91), *hålk*a (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976, bind 1, s. 187), *kverna* og *gjeita* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 274).

Fleirtalsformene i linne hokjønnsord er *-or* i ubundi form og *-orne* i bundi form i dei to eldste bøkene. Den ubundne formi svarar heilt til målføreformi med *-or* eller *-år*, den einaste bøyingsformi med oppehalden *-r* i målføret i ytre Namdalen (Synopsisen, samlingane i Norsk Målførearkiv, som no er i Norsk Ordbok 2014). Dømi er det svært mange av, då med *-orne* i dei to eldste bøkene. Døme med *-or* kan vera *musefeller* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 13), *rosor* (*Harald* 1915, s. 156, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 87), *Flaskor* (*Gamal j.* 1911,

Birkel. 1976 bind 1, s. 172), *stjernor* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 156), *gjentor* (*På Lyngs*, 1917, *Skrifter* - - 3, s. 32). Bundi form flt. er då med *-orne* i dei to eldste bøkene, t.d. *lipporne* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 21), *Gjentorne* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 56, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 45), *frunsorne* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 76), men frå og med *På tv.* (1909) er *-one* vanleg, berre med eit unnatak *dynorne* (*Nøkksjø.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 27). Formene *-or*, *-one* held seg godt ei tid frametter t.d. *brillor* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 186), *kronor* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 269), *gjentone* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 171) og *rukkone* (same boki s. 232). Frå og med *Juvik.* (1918) er *-er*, *-ene* eineformer, berre i sume vendingar or målføret er *-on* nytta, t.d. *brillon* (*I bl.* 1919, s. 212 og i *vison'* og *eventyra* (*Gamal j.* 1976, Birkel. 1976 bind 1, s. 278).

I sume av dei noko eldre bøkene der *-or*, *-one* er mest vanleg, finn me fleire avvik med *-er*, *-ene*: *kroner* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 197, og *Tre v.* 1914, s. *Skrifter* - - 3, s. 192), *stjerner* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 116), *kvinner* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 134), *klokkene* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 176), *ryper* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 218), *forgylte sider* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 316).

Om linne hokjønnsord på *-o* eller *-u* syner eg til jamvekt og jamning.

6.1.4 Inkjekjønn

Sterke inkjekjønnsord er ofte einstava med utlyd på konsonant eller trykksterk vokal, t.d. *bruk*, *hus*, *mot*, og *bu*, *slo*. Bundi form eintal er då med *-e* i talemålet, men *-et* i skriftmålet, t.d. *huset*, *sloet*. I dei to eldste bøkene sine brukar Duun endingi *-et*, t.d. *golvet* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 17), *vêret* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 98), og sameleis i *Kvar har no sitt* (1908), med *midt på treet*, prenta opp att i *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 28; heile stykket står på s. 25-28). Frå og med *På tv.* (1909) vrakar Duun denne *-t-en* og skriv berre *-e* i bundi form eintal. Denne utelatingi av *-t* var regelen i midlandsmålet som Arne Garborg og Rasmus Flo gjorde framlegg om, og Garborg sette om dei eldre bøkene sine til midlandsmål. Hå Duun er denne bruken regelrett gjennomført, so eg har funne berre to avvik i fyrstningi: *Vêret* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 148) og *barnet sitt* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 38), og to døme i seinare forteljingar: *forhøret* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 252) og *rommet* (same bindet s. 203).

Ei mindre gruppe med sterke inkjekjønnsord endar på *-e* i ubundi form eintal, t.d. *eple*, *minne*, *møte*, og med utelating av *-t* i bundi form eintal vert heile eintal og ubunde flt. like i alle dei tre formene.

Bundi form flt. får vanleg endingi *-a* heilt frå dei fyrste bøkene, men i inkjekjønnsordi er det fleire døme med *-i*, noko Duun truleg hadde lært på lærarskulen. Alle dømi er or *Løgl. skr.* - - (1907, Birkel. 1976 bind 1): *borni* (s. 93), *fjelli* (s. 47, 51), *horni* (s. 135), *Dei tjukke kinni* (s. 124; denne formi må vera *inkjekjønn* flt., endå om Duun elles brukar hokjønnsformi med *-erne*, *-ene* i flt., t.d. *kinnerne*, *Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 54, *kinnene*, *Gamal j.*, Birkel. 1976 bind 1, s. 209), *klædi* (s. 64), *nausti* (s. 51) og *ordi* (s. 27); sjå om bundi form med *-i* i sterkt hokjønn eintal ovanfor her.

Berre ordet *barn* får *u*-omlyd (frå *-a-* til *-å*-lyd.) i flt.: *born*, *borna* gjennom mest alle bøkene, men i *Menn. og m.* (1938, siste boki hans) skriv Duun støtt *barn* i ubunde flt. og *barna* i bundi form flt. (*Skrifter* - - 12, t.d. s. 189, 227, 314, 319).

For seg står fleirtalsformene av *strå* med omlyd til *strærne* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 132, *strærne*, s. 184). Denne formi er laga ved analogi (ved etterlikning) med hokjønnsord som *krå*, i flt. bundi form *krærne*, *rå-rærne*, *tå-tærne*.

Ei merkeleg form er *klædane* eller *klæane*, flt. bundi form, som er vanleg i fleire av bøkene. *klea*, bundi form flt. (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 104) og *klæa* er dei formene me skulle venta, t.d. *I eventyre* (1921, s. 179), *I stormen* (1923, s. 91, 172), *Straumen og evja* (1926, s. 157), *Medm.* (1929, s. 167), *Ragnhild* (1931, s. 141, 166, 205) og *Siste leveåre* (1933, s. 110), men heller tidleg kjem formi *klæane* inn (*Tre v.* (1914, *Skrifter* - - 3, s. 170), soleis i bøkene frå 1921 til 1933, med mange døme (*I eventyre* 1921, s. 25, 150, *Siste leveåre* 1933, s. 127), og *klædane* med *-d-* finn me i *Tre v.* (1914, *Skrifter* - - 3, s. 206, *Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 79, 104 og 127, i samansetjing s. 75, og i *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, t.d. s. 46, 64, 119); formene med *-ane* må vera laga etter hankjønn flt. bundi form på *-ane*.

Linne inkjekjønnsord endar på *-a* i ubundi form eintal, og dei vanlegaste er mykje brukte: *auga*, *hjarta*, *nyra*, *nysta*, *okla* og *øyra*, og bundi form eintal har same formi med *-a*, men i flt. er endingi *-o* i både ubundi og bundi form etter gamalt : *auga*, flt. *augo*. Former med *-a* i ubundi form finn me i dei eldste bøkene (*På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 120, 127, *Gamal j.* 1911, s. 58, 188), men *eit auga* kjem stundom att seinare òg (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 269, *Siste leveåre* 1933, s. 72); *augo* i flt. finn me vanleg i dei eldste bøkene (*Marj.* 1908,

Skrifter - - 1, s. 24, 58, *På tv.* 1909 i *mørke augo*, *Skrifter* - - 1, s. 264, *Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 16, *Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 150, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 1, s. 150, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 26, men seinare òg i *Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 214).

Heller tidleg tek *auge* til å koma inn, i flt. bundi form *-a* då: *eine auge* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 239), *det vindauge* (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 27), *gråbrune auga* (*Hilder.* 1911, *Skrifter* - - 2, s. 233), *brune barneauga* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 118), *attletne auga* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 228), og *auga* i bundi form flt. er sers vanleg i *Hilderøya* (1912, t.d. s. 26, 66, 160, 219), *Harald* (1915, t.d. s. 30, 39, 101), *Det g. samv.* (1916, i utgåva frå 1924, s. 12, 17, 116) og i alle bøkene frå 1920-30-åri, t.d. *store auga* (*I eventyre* 1921, s. 157), *dei blå auga* (*I stormen* 1923, s. 16), *auga hennes* (*Medm.* 1929, s. 220, *Ragnhild* 1931, s. 85), *med dine eigne auga* (*Ragnhild* 1931, s. 74).

Hjarta, flt. *hjar*to, finn me berre i dei to eldste bøkene: *eit godt hjarta* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 34), *i sitt hjarta* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 118), *i hjar*to (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 111), men etter dei to bøkene tek *hjar*te over i eintal, t.d. *eit hjar*te (*Gamal j.* 1911, s. 128-129), *eit* - - - *hjar*te (t.d. i *Hilder.* 1912, *Skrifter* - - 2, s. 278, *Harald* 1915, s. 67, 165), *av heile sitt hjar*te (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 159), *om hjar*te (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 119), og seinare er *-e* eineform i bundi form eintal og ubunde flt., i bundi form flt. *-a*.

Nysta har eg funne berre eitt døme på i samansetjingi *trådnysto*, flt. *Løgl. skr.* - - (1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 62).

Øyra, flt. *øy*ro finst oftast i dei eldste bøkene: *om øy*ro (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 163), *øy*ro (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 201, *Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 20, *Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 157), men òg i *I stormen* (1923, s. 184). Heller tidleg tek Duun til å bruka *øy*re (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 247, fleire døme i utgåva frå 1925, t.d. s. 24, 90, 105, *Hilderøya* 1912, s. 84, 85, og i *Straumen og evja* 1926, s. 65). Seinare er *øy*re i eintal og ubunde flt. og *øy*ra i bundi form flt. vanleg.

6.2 Genitiv

Preposisjonen *til* styrer genitiv med *-s*, og dømi her er mange: *til bords* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 190), *til fjords* (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 163, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 131), *til gags* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 190), *til gars* (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s.

152, 164), *til livs* (*Tre v.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 312), *til marknads* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 241, *til martnas, I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 266), *til sengs* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 197), *til stalls* (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 119); noko mindre vanlege er formene *til eksamens* (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 99), *til knivs* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 180), *til segels* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 295) og *til vinds* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 59, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 163). Formi *til skræss* med dobbel *s* (lang *s*) (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 148, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 261) er då laga etter uttalen av *til sjøs*, der me alltid har lang *s* i uttalen, men me skulle ha venta berre *-s* i *til skrås*. Om samanskrivne former sjå framanfor her.

Reint sjeldan finn me genitiv på *-ar* til to hokjønnsord: *livd*, i samansetjingi *livdarkrå*, f. (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 30), og *feigd* i *feigdar-rope*, n. bundi form (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 54).

Hunds, m. med genitivs *-s*, er kalla adj. i Norsk Ordbok band 5 2005, og i dømet hjå Duun òg er *hunds* tydeleg adj.: *Det var hunds arbeid* (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 39), og eit liknande døme er *steins dau* (*Siste leveåre* 1933, s. 105) med forsterkande verknad.

Genitiv på *-sens* (dobbelt genitiv) med forsterkande verknad er det mange døme på hjå Duun, både til hankjønns-, hokjønns- og inkjekjønnsord: *dødsens redd* (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 79), *gudsens dumt* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 235, - - *vidundersbarnslig*, adj., same boki s. 249), *livsens* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 175, 152, *Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 91, - - *sanning*, *Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 49), *verdsens* finn me svært ofte (- - *ting*, *Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 290, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 59, *Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 39, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 309, - - *grann*, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 172, - - *ordning*, *Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 80, *all verdsens tyngd*, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 152).

Hjartans er eigenleg bundi form i genitiv eintal av *hjarta*, men i Norsk Ordbok band 5 2005 kallar dei formi adj., då med forsterkande verknad. Duun har fleire døme: *hjartans* (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 92, - - *glad* *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 56, *Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 242, - - *god*, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 153, - - *pine*, *På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 231, - - *redde* *Bl.-A.* 1924, Birkel. 1976 bind 2, s. 141, - - *vondt*, *Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 134).

Formi *vonoms* er dativ flt. på *-om* av *von*, f. med genitivs *-s* attpå (sjå Aasen, *Norsk Ordbog* 1873). Den vanlege bruken er føre komparativ (andre graden av samanliknande former), og døme er *vonoms fortare* (*I stormen* 1923, s. 245, *Medm.* 1929, s. 123, 149, *Ragnhild* 1931, s. 77, 136, *Siste leveåre* 1933, s. 137), *vonoms lettare* (*Ragnhild* 1931, s. 183, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 234), *vonoms meir* (*I eventyre* 1921, s. 12, *Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 55), *vonoms vakrare* (*Ragnhild* 1931, s. 159).

Det er sjeldan me finn bundi form av eit ord med genitivs *-s* attåt, men nokre fåe døme finst: *himmelens port* (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4), s. 39, *ein livets mann* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 302). Ei merkeleg form er *nattens tid* (eller *ti'*), som mest truleg må vera eit lån frå riksmål eller gamalt bibelmål, men dømi finst i dei fyrste bøkene, med *ti'* (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 82), med *ti* (*På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 26), seinare *nattens tid* (*Hilderøya* 1912, s. 212, *I eventyre* 1921, s. 37, 101, *I stormen* 1923, t.d. 23, 53, *Medm.* 1929, s. 92, *Straumen og evja* 1926, s. 38, *Siste leveåre* 1933, s. 51).

6.3 Genitiv-omskrivning med eigeomspronomenet *sin*

Denne omskrivingi kallar me ofte *garpegenitiv* etter utnamnet *garp* på hanseatane i Bergen som kom med lågtysk talemål til Bergen, og derifrå har garpegenitiven spreitt seg etter kysten og seinare inn i landet. Det er ikkje so mange døme hjå Duun, men det er mest i ei av dei nyare bøkene, *Etterm.* (1932). Dømi er *hans Odin sine ski* (*Nøkkjøøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 43), *i Grete sine augo* (same boki s. 79), *Mørk sin skule* (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 37), *ingen annan sitt* (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 81), *i grannekongen sitt rike* (*Bl.-A.* 1924, *Birkel.* 1976 bind 2, s. 139), *for nervene si skyld* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 257), *for hjarte mitt si skyld* (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 40), *Kokken på Torberg sitt farty* (same boki s. 45), *I Tørris Vangdal sitt eige* (same boki s. 49), *For Torberg si skyld* (same boki s. 56), *det er just byguten sitt vis* (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 89).

6.4 Dativ

Bruken av dativ finn me oftast i munnleg tekst, då med målføreformer, men sume døme finst òg i vanleg tekst. Arnold Dalen har skrivne om Duun og målførebruken hans i *Talemål som litterær reiskap* (Fyrst prenta i *Unitekst* nr. 2, Trondheim 1977, s. 38-52, men her etter *Spor i ord. Festskrift til Arnold Dalen*, Trondheim 2001, s. 211-226). Dalen har teke for seg sume dativformer, t.d. *utu ljøsi*, *utu løsi* (s. 219), *huri*, *ffjelli*, *fengsli*, alle inkjekjønn (s. 216-217), og *i mørkri*, n. (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 35; hjå Dalen s. 219).

Formene i dativ er *-i* i hankjønn og inkjekjønn (då med tostavings tonelag i inkjekjønn), *-n*, *-’n* eller *-en* i sterke hokjønnsord, og i flt. *-om*. Dativ i linne hankjønns- og hokjønnsord har eg ikkje funne. Døme i hankjønn er *me foti*, i hokjønn *utu bygden* (På tv. 1909, *Skrifter* - - 1, s. 174), *i gammelti’n* (Juvik. 1918, *Skrifter* - - 5, s. 87), *frå kjerringen* (På tv. 1909, *Skrifter* - - 1, s. 230), *i luftn* (same boki s. 231), *komm dokk åt sengjen bonn* (I bl. 1919, *Skrifter* - - 5, s. 230), og i inkjekjønn *åt bordi* (Juvik. 1918, *Skrifter* - - 5, s. 134), *åt fjelli* (I event. 1921, *Skrifter* - - 6, s. 194), *gråna i håri* (I bl. 1919, *Skrifter* - - 5, s. 194), *her i lanni* (På tv. 1909, *Skrifter* - - 1, s. 184), *på lofti* (I bl. 1919, *Skrifter* - - 5, s. 197), *te åri kommand* (Juvik. 1918, *Skrifter* - - 5, s. 103).

Formene i flt. er med *-om* (sjå om *-øm* nedanfor her): *i bokom* (Tredje g., Birkel. 1974 bind 4, s. 32; legg merke til at omlyden vantar her, slik som rett er etter gamalt), *tå di bonnom* (I bl. 1919, *Skrifter* - - 5, s. 230, 294), *i nærmunom* (Juvik. 1918, *Skrifter* - - 5, s. 131), *utu plassom* (Juvik. 1918, *Skrifter* - - 5, s. 131), *årom* (Løgl. skr. - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 128); for seg står formi *sauøm* (Tredje g., Birkel. 1976 bind 4, s. 37), som er ei form frå Singsås, der Duun var lærar ei tid (sjå Dalen, s. 218). Av preposisjonane som styrer dativ, skil nokre seg ut med målføreformer her: *me* (med), *tå* (ut av) og *utu* (ut or).

6.5 Adjektiv

Bøyingi av adj. fylgjer stort sett dei vanlege reglane i skriftmålet, men sume former skil seg ut.

Adj. på *-å*, t.d. *blå*, *grå* og *små*, er jamt over ubøygde i flt., t.d. *augo var kalde og blå* (Marj. 1908, *Skrifter* - - 1, s. 24), *dei små allvitande auga* (Hilderøya 1912, s. 46), *store, blå-grå auga* (Harald 1915, s. 8), *små, lysblå auga* (Det g. samv. 1916, i utgåva frå 1924, s. 9). Det er reine unnatak med *-e*: *sjøblåe fjella* (Tredje g., Birkel. 1976 bind 4, s. 210), *dei var ursmåe der* (I event. 1921, *Skrifter* - - 6, s. 201).

Adj. med diftong og utlyd på *-d* hadde i landsmål og eldre nynorsk formi *-dt* i inkjekjønn, t.d. *breidt*, *leidt*, men då seinare rettskriving vraka *-d-en*, fekk dei diftong i utlyd og *-tt* i inkjekjønn, t.d. *brei* - *breitt*, *grei*-*greitt*. I desse adjektivi har Duun jamt brukt former med berre *-t* (ein *-t*): *breit* (Gamal j. 1911, s. 137, Harald 1915, *Skrifter* - - 4, s. 37, Det g. samv. 1916, i utgåva frå 1924, s. 9, I eventyre 1921, s. 68, 72, Straumen og evja 1926, s. 68), *greit* (På tv. 1909, *Skrifter* - - 1, s. 204, Gamal j. 1911, t.d. s. 56, 80, 93, Hilderøya 1912, s. 12, Tre v. 1914, *Skrifter* - - 3, s. 192, 296, Harald 1915, s. 26, 43, 95, og seinare i alle bøkene

frå 1920-åri), og *leit* (*Marj.* 1908, i utgåva frå 1923, s. 34, *Gamal j.* 1911, s. 46, 179, *Hilderøya* 1912, s. 13, *Harald* 1915, s. 107, 171, og i alle bøkene frå 1920- og 30-åri, t.d. *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 167). På same måten gjer Duun når han kastar *-d*-en i *dau*, adj., og skriv *daut* i inkjekjøn: *eit daut sjødyr* (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 208; *daut* i *I eventyre* 1921, s. 110-111), *i daut kjøtt* (*I stormen* 1923, s. 181).

6.5.1 Endingi *-an* i akkusativ

Stundom brukar Duun denne endingi: *på høgan tid* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 291, *Bl.-A.* 1924, Birkel. 1976 bind 2, s. 168), *langan leid* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 48), *lysan dagen* (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 245), *i rettan tid* (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 12, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 131), *på rettan veg* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 297) og *saltan sjøn* (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 41).

6.5.2 Adjektiv på *-ig* og *-ug*

Desse adj. får endingi *-t* i inkjekjøn i landsmål og eldre nynorsk, og Duun har fleire slike døme. Den vanlegaste formi hjå Duun er *fatig* i dei eldste bøkene, og *fatigt* finst i *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, s. 130), men *fattig* finst òg (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 164), sameleis *fattigt* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 77), men sjeldan *fatti* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 24, 159, *Løgl. skr.* - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 55), men frå 1915 og utetter er *fattig* einerådande.

Adj. på *-ug* er det fleire døme på: *-helsug* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 174, *helsug*, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 111), *minnug* (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 66), *motviljug* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 170), *vidfarug* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 281), *viljugt*, i inkjekjøn (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 184) og den mest brukte formi *vettug*, med *-t* i inkjekjøn: *vettugt folk* (*I bl.* 1919 *Skrifter* - - 5, s. 212, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 117, *Menn. og m.* 1938, s. 186), *eit vettugt menneske* (*Medm.* 1929, *Skrifter* 10, s. 60), *ein vettug mann* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 271), *mangt anna vettugt* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 227), *vettug kar* (*Siste leveåre* 1933, s. 34, 35).

6.5.3 Adjektiv på *-leg* og *-lig*

Desse adjektivi òg har *-t* i inkjekj. i landsmål og eldre nynorsk. Dømi med *-leg* er mange hjå Duun: *blåfårleg* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 179) og *fårlegt* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 72, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1865 bind 1, s. 49), *ergerlegt* (*Løgl. skr.* - - 1907, *Skrifter* - - 2, s. 36), *folkelegt* og *kristelegt* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 28), *forunderlegt* (*Løgl. skr.* - -

1909, Birkel. 1976 bind 1, s. 390), *rolegt* (same boki s. 49). Men tidleg tek Duun til å bruka former med *-lig*, t.d. *fatigslig* (*På tv.* 1909, Birkel. 1976 bind 1, s. 235), *fårlig* (same boki s. 151), *kjærlig* (same boki s. 175), *tidlig* (same boki s. 198), *trivelig* (same boki s. 254), *klenslig* (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 45). Dømi med *-lig* er svært mange i *Gamal j.* (1911, Birkel. 1976 bind 1), t.d. *dårlig* (s. 214), *lukkelig* (s. 215), *meisterlig* (s. 211), *prestelig* (s. 150), *rimelig* (s. 213), *ulækelig* (s. 204), *uvanlig* (s. 205).

6.5.4 Adjektiv på *-utt* eller *-ut*

I dei eldste bøkene brukar Duun fleire former med *-utt* slik Aasen sette dei opp. Døme or *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1) er *krokutt* (s. 16), *toskutt* (s. 36), og i *Løgl. skr.* - - (1907, Birkel. 1976 bind 1) finn me *bustutt* (s. 135) *freknutt* (s. 82), *krokutt* (s. 124), *rukkutt* (s. 21, men med *-ut*, s. 53, 142) og *ruskutt* (s. 143); i *Gamal j.* (1911, (Birkel. 1976 bind 1) er *krokutt* nytta: i same *krokutte ryggen* (s. 161) og *toskutte*, flt. (s. 231), *det grå vortutte andlete* (*Hilderøya* 1912, s. 25). Seinare er *-utt* sjeldan å sjå, men det finst enno: *toskutt* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 311) og *sålutt* (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 73). Former med *-ut* finst i eldre bøker òg: *flokut* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 261), *grinut* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 161), *humput* (same boki s. 227), *kantut* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 228), og etter kvart vert *-ut* einerådande, t.d. i *rukkut* (*Bl.-A.* 1924, Birkel. 1976 bind 2, s. 130), *steinut* (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 102). Målføret har former med *-åt*, t.d. *ruståt* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 298), *toskåt* (same boki s. 205), men ein gong er målføreformi skrivi med *-ot*: *svartflekkot* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 188). Det er svært sjeldan å finna former med *-et* hjå Duun: *tullet* (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 87, 93), *ruklet* (same boki s. 102), og *rutet* (same boki s. 97).

6.5.6 Adektiv på *-en*, t.d. *naken*, *open*, *vaksen*

Perf. part.-former av sterke verb, t.d. *funnen*, *komen*, vert bøygde på same måten som desse adj. med hokjønnsform på *-i* som er vanleg heile vegen, berre med to unntak: *lita* (av *liten*) og *eiga* (av *eigen*), dei to adj. har berre former med *-a* i hokjønn. I dei to fyrste bøkene åt Duun trudde eg han brukte denne hokjønnsformi med *-i* etter rettskrivingi i 1901, men i kvar einaste bok seinare er det fleire døme med *-i*. *Ho var* - - *tungvori* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 41), *ei langdregi piping* (same boki s. 55), *moldroti* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 98), *ei storvaksi gjenta* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976, s. 135), *ei lita tjukkvakxi gjente* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 183), (då) *vart yterdøra rivi upp* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976, bind 1, s. 140), *Ho vart gripi* (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 13), *gamal og sliti* (same boki s. 87), *no var tida komi* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 221), *ho* - - *stod reint*

handfalli (Sigyn 1913, *Skrifter* - - 2, s. 154), *Ho vart liggjande vaki* (Sigyn 1913, *Skrifter* - - 2, s. 150; *vaki, I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 194, *I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 180), *døra stod opi* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 277), *døra var opi* (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 267), *Ane var det tufsi med* (Juvik. 1918, *Skrifter* - - 5, s. 84), *Ho vart nyfiki* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 27), formi *opi* finn me i *Samtid* 1936: *Ein mann - - fann døra opi* (*Skrifter* - - 12, s. 103), *ho var så opi i blikke* (same boki s. 109), *fullkomi* (same boki s. 107); *halvvaksi* (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 132); i dei siste forteljingane er det to unnatak med *-e*: *ho var for djupt gripe* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 210) og *ei storvore stund* (same boki s. 220), men òg *kua som vart i helslegi* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 263), og i siste boki hans finn me endingi *-i*: *ei framandvori bok* (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 168).

For seg står *drykkjin* eller *-en* og *lottin*, for eg har berre funne dei i hankjønn: *drykkjin* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 262), med *-en* (Juvik. 1918, *Skrifter* - - 5, s. 61, *Medm.* 1929, s. 10; i Norsk Ordbok band 2 1978 står formene på *drukken*); formi *lottin* finn me i *I event.* (1921, *Skrifter* - - 6, s. 204) i tydingi huga, lysten.

6.6 Pronomen

6.6.1 Personlege pronomen

I eintal er formene dei heilt vanlege: *eg-meg, du-deg, han* i 3. pers., *hans* i genitiv, *honom* i dativ, *ho-henne*, i genitiv *hennar*. Formi *hennar* finn me i dei eldste bøkene og fram til *Medm.* 1929 (s. 68, 69 og 97), men meir og meir vanleg vert formi *hennes* (*Medm.* 1929, s. 35, 45, 61, *Ragnhild* 1931, t.d. s. 85, 148, 190), og oftast i *Siste leveåre* (1933, t.d. 81, 91) og i siste boki hans, *Menn. og m.* (1938, *Skrifter* - - 12, s. 269, 299). Dativformi *honom* har eg ikkje funne hjå Duun i vanleg tekst, men *honom* er brukt i målføretekst i *I event.* (1921, *Skrifter* - - 6, s. 184).

I flt. er *me* vanleg i fyrste person eller *vi, de-dykk*, i målføret *dokk*, i genitiv *dykkar* i andre person, og *dei* i tredje person, i andre kasus *deim* i eldre mål, og *deira* i genitiv. Formi *me* er eineform i dei to eldste bøkene, t.d. i *Løgl. skr.* - - (1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 101), men berre i eit sitat etter Aasen i *Harald* (1915, s. 35). Seinare er *vi* eineform. *de* i andre person flt. er det fleire døme på (*Harald* 1915, s. 85, 205, *Medm.* 1929, s. 39, 67, 188, og ofte i *Ragnhild* 1931, t.d. s. 56, 91, 175, og *Siste leveåre* 1933, s. 25, 150), likeeins *dykk* (*Gamal j.* 1911, s. 23, *Harald* 1915, s. 13, 59, 85, 223; i høfleg tiltale *Dykk, Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 207). Målføreformi *dokk* er det fleire døme på (*Gamal j.* 1911, s. 49, 157, 194), *vår dokk*.

Var dokk, sei æ (*I stormen* 1923, s. 111, fleire dømme der s. 31, 73, 81). Formi *dykkar* er det færre dømme på (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 261). Me finn ei mengd dømme på *deim* i dei tre fyrste bøkene, sameleis i *Nøkksjøl.* (1910, *Skrifter* - - 2, s. 20, 55), men seinare berre ein hende gong (*I stormen* 1923, s. 181), for i alle dei andre bøkene etterpå er målføreformi *dem* den vanlege formi, t.d. i *Gamal j.* (1911, s. 57, 157, 160) og *Hilderøya* (1912, s. 103, 109) og heile vegen seinare. Formi *deira* i genitiv finn me fram til og med *Medm.* (1929, s. 35, 45, 68) og *Ragnhild* (1931, t.d.s. 85, 148, 190), men i *Siste leveåre* er *deres* einerådande (t.d. s. 55, 94, 104, 131, 169).

6.6.2 Ubunde pronomen

Sume av desse pronomeni skil seg ut med former som er mindre brukte no, men dei er tillatne sideformer. Av *annan* finn me ofte hokjønnsformi *onnor* hjå Duun i dei eldste bøkene, t.d. i *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, s. 81, 102, 107), *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, t.d. s. 11, 12, 44, 111) og i *Gamal j.* (1911, s. 31, 43); seinare er *anna* hokjønnsformi hjå Duun. Pronomenet *ingen* har ei hokjønnsform, *ingi* som er tillati sideform, men *ingi* har eg funne berre ein gong: *ingi hast* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel., 1976 bind 1, s. 34). Sideformi *nokor* i hokjønn er det nokre fåe dømme på: *nokor råd* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 205, 222), *nokor lang tid* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 211) og *nokor vis* (*Tredje g.*, Birkeland 1976 bind 4, s. 35).

6.7 Talord

Talordet *ein* er bøygt etter kjønn: *ei* i hokjønn, *eit* i inkjekjønn. Formi *tvo* er heilt vanleg i dei eldste bøkene, t. d. i *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 77, *tvo vendor*, s. 49, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 92, *tvo døger*, s. 79), men *to* finst der òg: (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 196, *to-tre*, s. 267), og seinare er *to* vanleg. Talordet *tri* er det svært mange dømme på både i *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, s. 170) og *Løgl. skr.* - - (1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 140, i utgåva frå 1926, s. 8, 49, 77), og dømme finst i *Hilderøya* (1912, s. 5, *Tri-egg*, s. 252, og seinare òg, i *I stormen* 23, s. 142); *tri* er framleis tillati sideform, men hjå Duun er *tre* vanleg seinare. Talordet *åtte* er oftast skrivne med *o-*, t.d. *otte tomar* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 206), *sju-otte åra* (*På tv.* i utgåva frå 1925, s. 59), *ottedags tid* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 183), *Ein ottedags tid* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 250); *fjortan* er heilt vanleg i samansetjingi *fjortan-dagane*, m. flt. bundi form (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 113) og *fjortandags*, adv. (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 87, *Bl.-A.* 1924, Birkel. 1976, bind 2, s. 83) og *fjortandags tid*, f. (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 49, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 117,

fjortandags tid sea, *Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 196), men *fjortenårsalderen*, m. bundi form (*Juvik*. 1918, *Skrifter* - - 5, s. 127, og *Ragnhild* 1933, s. 61); formi *tjuge* er vanleg i dei eldste bøkene fram til og med *Medm.* (1929, s. 109) og ein gong i *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 194), no *tjue*. Formi *Tusund* finst berre i *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 36, *tusund* s. 95).

6.7.1 Rekkjetal

Formene *fyrste* og *andre* er vanlege, og *tridje* er det fleire døme på, soleis i *Løgl. skr.* - - 1907 (i utgåva frå 1926, s. 43, 64), *tridje gongen*, m. bundi form (*Gamal j.* 1911, s. 87, *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 82, *På tv.* 1909, i utgåva frå 1925, s. 37), *tridje dag jul* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 246), og i samansetjingi *tridjeparten*, m. bundi form (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 249). Seinare er *tredje* vanleg, t.d. i boktittelen *Tredje gongen* - - (Birkel. 1976 bind 4). *Tridje* er tillati sideform enno. Formi *fjorde* er nytta ein gong (*Hilderøya* 1912, s. 107).

6.8 Verb

6.8.1 Infinitiv

I dei to eldste bøkene og i stykket *Kvar har no sitt* (prenta i *Gauldølen* 5. mars 1908, Birkel. 1976 bind 4, s. 25-28) endar infinitiv støtt på *-a*; me ser då bort frå verbi med utlyd på trykksterk vokal, t.d. *ro*, *spå*, *tru*. Men frå og med *På tv.* (1909) byrjar Duun med kløyvd infinitiv, *-a* i sume verb og *-e* i andre. Skilnaden mellom desse endingane ligg i stutt eller lang staving. Ei stutt staving på gamalnorsk hadde stutt vokal og stutt konsonant (enkel konsonant), t.d. *fara*, *koma*, *sova*, *vera*, *vita*, og desse verbi finn me att med endingi *-a* i austnorske målføre, eller med jamning til *-å*, t. d. i trøndsk og ein del av verbi i Nord-Gudbrandsdalen, t.d. *kåmå*, *såvå*, i inntrøndsk *kåmmå*, *såvvå*, *våttå*, i Namdalen oftast *a-a*, men *kåmma*, *såvva*. Dei gamle *ja*-verbi høyrer til dei stuttstava, t.d. *spyrja*, *telja*, *velja*.

Dei langstava verbi hadde på gamalnorsk lang vokal og stutt konsonant (enkel konsonant), t.d. *sýna*, eller diftong og enkel konsonant t.d. *dreyma*, *reisa*, eller stutt vokal og lang konsonant (dobbelskriven) eller konsonantsamband, t.d. *finna*, *sleppa*, *vexa* ($x=ks$); dette er den største gruppa. I austlandsmåli har dei endingi *-e*, men dei får bortfall (apokope) av endingi i trøndske mål.

Duun har hatt visse vanskar med å bruka kløyvd infinitiv, serleg då med *ja*-verbi som fylgjer dei langstava og har bortfall av endingi *-ja* i trøndsk (sjå døme nedanfor her). Dei langstava verbi som har bortfall av endingi *-a* (apokope) i trøndsk skal då ha endingi *-e* i skriftmålet når ein brukar kløyvd infinitiv, men hjå Duun finn me fleire brot på denne regelen: *eiga* (svært vanleg, nærast eineform, t.d. *På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 206, *Hilder.* - - 1912, *Skrifter* - - 2, s. 298, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 126, *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 43, *Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 101, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 213), *fiskja, til å fiskja* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 256), *floa* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 277), *levna, levna opp* (*Tredje g.,* Birkel. 1976 bind 4, s. 41, *I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 289), *likna, å likna med* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 171), *plistra, tok til å plistra* (*Harald* 1915, s. *Skrifter* - - 4, s. 73), *skræma* (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 55), *spegla seg* (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 1, s. 50), *strida, å strida imot* (*På tv.* *Skrifter* - - 1, s. 158), *syna* (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 73) og *veita* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 113).

I dei gamle stuttstava verbi ventar me då å finna endingi *-a*, t.d. *fara, koma*, men fleire gonger finn me endingi *-e* hjå Duun: *fare* (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 108), *skape* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 181, *Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 94, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 30, 46), *spele* (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 61, *Hilder.* 1912, *Skrifter* - - 2, s. 290, *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 99, men *spela* i *Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 80, *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 62, og med lengd konsonant *spella* i *Bl.-A* 1924, Birkel. 1976 bind 2, s. 105), *svane, svane ned* (*Tredje g.,* Birkel. 1976 bind 4, s. 104), *svare* (*Tredje g.,* Birkel. 1976 bind 4, s. 262), *take* (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 121), *tape* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 178), *vade* (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 17), *vite, ikkje vite av* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 257), *å vite det* (*Hilder.* 1912, *Skrifter* - - 2, s. 273; *vite, Tredje g.,* Birkel. bind 4, s. 193; i fleire av dei seinare bøkene er *vita* eineform, t.d. i *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, t.d. s. 15, 24, 105, 131, 139). Endå om konsonanten er lengd, held infinitiven på *-a* seg godt, t.d. *komma* (ofte) og *skjønna*, frå *skynta* til *skjøna* og so *skjønna* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 242).

Av *ja*-verbi skulle me tru at *-e* ville vera endingi i infinitiv, sidan *-ja* har falle bort (har fått apokope) i trøndsk. I fleire av desse verbi finn me lell *-je* i infinitiv hjå Duun, t.d. *dølje* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 186), *selje* (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 91, 114), *velje* (*Tredje g.,* Birkel. 1976 bind 4, s. 180), *verje* (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 143, *Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 93). *segja* og *tegja* finst berre i dei to eldste bøkene: *segja* (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 80, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 63) og *tegja* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 25). Men *tegje* er heilt vanleg seinare, t.d. i *På tv.* (1909, *Skrifter* - - 1,

s. 178, 205) og *seie* er seinare den vanlege formi (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 192, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 183).

Former med berre *-e* i infinitiv av *ja*-verb er det fleire av: *fortele* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 158, 237, *I bl.* 1919 *Skrifter* - - 5, s. 293, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 78), *kreve* (*Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 91, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 212), *sele* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 132, *Hilder.* 1912, *Skrifter* - - 4, s. 104, 124), *skile* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 204, *Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 173), *smøre* (*Hilderøya* 1912, s. 197, *Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 100, *I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5 s. 256), *spøre* (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 91, *Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 109, *I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 151, *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 92, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 42). Fleire av desse verbi får lenging av konsonanten, soleis støtt *sette* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 170) og *sitte* (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 150, 170, *Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 263, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 39), og fleire døme på *skille* (*Ragnhild* 1931, s. 160, *Siste leveåre* 1933, s. 36, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 135, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 299) og *spørre* (*Harald* 1915, s. 130, *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 219, *I eventyre* 1921, s. 48, 67, *Medm.* 1929, s. 51, 125, 128, og *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 140).

6.8.2 Presens (notids) partisipp

Presens (notids) partisipp er det svært mange døme på med endingi *-ande*: *hangande* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 31), *sætande* (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 282), *takande* (same boki s. 191). Former med *-es* er heller sjeldsynte: *blåsandnes* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 169), *dagandes dag* (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 90), *livs levandes* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 314), *roandes* (same boki s. 167), *småflirandes* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 237) og *vasandes* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 220).

6.8.3 Passiv eller reflektiv infinitiv

Passiv eller reflektiv infinitiv får støtt endingi *-ast* i dei eldste bøkene å Duun, og *-st* er då vanleg i dei bøygde formene av kvart verb, men slik at *-r* fell bort i pres. (notid) føre *-st* i *a*-verb og *e*-verb. I perf. part. får me stundom konsonant-bortfall eller -forenkling, t.d. *møtst* (av *møttest*), *følgst* (av *følgdest*) og *minst* (av *mintest*). Etter kvart tek Duun til å bruka *-as* eller *-s*, og slike former er det mange av i alle dei seinare bøkene. Formene *-ast* og *-as* vert brukte heilt om einannan, og det er uråd å finna nokon regel. I kvar einaste bok finst båe formene, gjerne tett attmed einannan. Døme kan vera *gælnates* pret. (fortid) (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s.

103), *hjelptes*, pret. (fortid) (i same boki, s. 104), *bars*, pret. (fortid) (*Bl.-A.* 1924, Birkel 1976 bind 2, s. 177), *mintes*, pret. (fortid) (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 114), men *bannast* (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 5, s. 164), *bitast* (*I bl.* 1949, *Skrifter* - - 5, s. 300), *skildest*, pret. (fortid) (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 265, *Bl.-A.* 1924, Birkel. 1976, bind 2, s. 177), *skymdest*, pret. (fortid) (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 31), *undrast* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 258). Den avvikande formi *slos*, pret. (fortid) med ein *s* finn me i *Sigyn* (1913, *Skrifter* - - 2, s. 115), der me skulle ha venta *sloss*. Denne vinglingi mellom *-st* og *-s* hjå Duun heng truleg saman med at målføret hans har *-st*, og at han so seinare har prøvt å gå over til *-s* utan å vera konsekvent.

I dei tre siste bøkene eg las, *Etterm.* (1932), *Samtid* (1936) og *Menn. og m.* (1938), prøvde eg å sjå etter kva former som vart mest nytta. I *Etterm.* er det mest døme på *-ast* eller *-st* (7-8 stykke), t.d. *minnast* (*Skrifter* - - 11, s. 42), *ottast* (s. 71), *trivast* (s. 67), men det er òg fleire døme på *-s* (5 stykke): *finns* (s. 11), *minns* (s. 74, 100), *synes* (s. 96), *undres* (s. 101, *-e* er kanskje ein prentefeil, for formi *undrast*, som er vanleg av eit *a*-verb, står på s. 46). I *Samtid* (1936, *Skrifter* - - 12) er det mest døme på *-as* eller *-s*, men det er òg fleire døme med *-st*: *minnast* (s. 15), *idest* pres. (notid) (s. 114), *iddest*, pret. (fortid) (s. 126) og *ottast* (s. 31, 61). I *Menn. og m.* (1938, *Skrifter* - - 12) er det mest døme på *-as* eller *-s*: *Fanns*, pret. (fortid) (s. 165), *iddes*, pret. (fortid) (s. 277), *trivas* (men òg med linn form *trivdes*, båe 147), og dømi med *-ast* eller *-est* er færre: *iddest*, pret. (fortid) (s. 266) og *minnast* (s. 32).

Me skal so sjå på formene av verbi i kvar gruppe.

6.8.4 Sterke verb

Dei sterke verbi har støtt einstava form i pres. (notid), t. d. *finn*, *søv*, *veks*. Formi *fær* i pres. (notid) er vanleg i dei eldste bøkene åt Duun, t.d. i *Løgl. skr.* - - (1907, i utgåva frå 1926, s. 45, 75, 111, 128), *Marj.* (1908, i utgåva frå 1923, s. 48, 71, 80), *På tv.* (1909, i utgåva frå 1925, t.d. s. 55, 56, 87, 158), *Gamal j.* (1911, t.d. s. 31, 45, 86, 94), men i dei nyare bøkene er *får* eineform, t.d. i *Medm.* 1929 (s. 27, 43, 51, 74) og alle bøkene i 1930-åri. Sume av formene i pret. (fortid) kan vera heller sjeldsynte, t.d. *vod* (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 85; av *vada*), *staup* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 152; Aasen 1873 har sterk bøying av *stupa* frå Trøndelag) og *gaut i veg* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 228; i Norsk Ordbok band 4 2002 syner dei frå *gjota* (Aasen 1873) til *gyta* der båe formene står jamsides). Formi *log*, i pret. (fortid) er vanleg i dei eldste bøkene (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 100, *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 38, *På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 193, 244), i samansetjingane

kaldlog (Løgl. skr.- - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 109) og *smålog* (På tv. 1909, *Skrifter* - - 1, s. 207), men alt i *Gamal j.* (1911) finn me *lo* (Birkel. 1976 bind 1, s. 156, 228), som er vanleg seinare.

Den vanlege endingi er *-e* i perf. part. (formene etter *ha*), t. d. *ha brunne*, *ha floge*, *ha lese*, men Duun brukar stundom *-i* i samsvar med målføret som har *-i* eller open *i* (i norsk lydskrift med *-i* utan prikk over, etter samlingane i Norsk Målførearkiv, no i Norsk Ordbok 2014). Dømi er ikkje so mange: (har) *funni ut* (På tv. 1909, *Skrifter* - - 1, s. 177), *hadde lesi* (Menn. og m. 1938, *Skrifter* - - 12, s. 171), *har liggi* (Menn. og m. 1938, *Skrifter* - - 12, s. 271), *hadde rivi ned* (same boki s. 230), *ha sprungi* (På Lyngs. 1917, *Skrifter* - - 3, s. 67, i målførebruk). I nokre av desse formene finn me analogisk vokal (laga etter andre former) med *-y-* eller *-ø-*: *bryti* (Tre v. 1914, *Skrifter* - - 3, s. 310; med *-y-* frå infinitiv), *hadde flyge* (Tredje g., Birkel. 1976 bind 4, s. 189; med *-y-* frå infinitiv), *hadde stryke* (I bl. 1919, *Skrifter* - - 5, s. 166, 277; med *-y-* frå infinitiv), *ha stryki* (Menn. og m. 1938, *Skrifter* - - 12, s. 245), *har lyge i han* (for *loge*, *Samtid* 1936, *Skrifter* - - 12, s. 113); i *har krøpe i hop* (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 244) og *Ho låg ihopkrøpi*, adj. hokj. (Tre v. 1914, *Skrifter* - - 3, s. 297) er vokalen *-ø-* etter målføreformene med *-ø-* eller *-ö-* (etter samlingane i Norsk Målførearkiv, no i Norsk Ordbok 2014).

6.8.5 a-verbi

A-verbi er bøygde på vanleg vis med *-ar* i pres. (notid) og *-a* i andre tider, men me legg merke til at verbi på *-era* fylgjer a-verbi i dei eldste bøkene, t.d. *konfirmera* (Løgl. skr. - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 89), *dei vart konfirmera* (Marj. 1908, *Skrifter* - - 1, s. 20; *han var konfirmera*, i utgåva frå 1923, s. 32), *han, som hadde konfirmera oss* (Løgl. skr. - - 1907, i utgåva frå 1926, s. 69); seinare finn me *konfirmert* (Tredje g., Birkel. 1976 bind 4, s. 253), *triumferte*, v. i pret. (fortid) (Tredje g., Birkel. 1974 bind 4, s. 239) og *telegraferte*, v. i pret. (fortid) er vanleg (Tredje g., Birkel. 1976 bind 4, s. 252), og *eksplodert*, perf. part. (formi etter *ha*) finst i same boki s. 253).

6.8.6 e-verbi

Den vanlege bøyngi av *e*-verb er med *-er* i pres. (notid), *-de* eller *-te* pret. (fortid) og *-t* i perf. part. (formi etter *ha*) i tradisjonell nynorsk, t.d. *føra*, *førde*, *ført*, *røma*, *rømde*, *rømt* og *tena*, *tente*, *tent*. Me skal fyrst sjå på formene med *-mde* mot *-mte* hjå Duun. I dei eldste bøkene finn me *-mde*, t.d. *gløymde* (På tv. 1909, *Skrifter* - - 1, s. 217, 248). Duun brukar vanleg *-te* etter

m-, og då er *-øy-* jamt monoftongert til *-ø-*, og dømi er mange: *drømte* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 233, 259, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 233), *dømte* (*Medm.* 1929, s. 64, *Ragnhild* 1931, s. 37, 196, *Siste leveåre* 1933, s. 10, 96, 166, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 192, 208, 259), *flømte* (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 90), *gjømte* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 275, 295, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 241, 293, og reint sjeldan *gjøymte seg*, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 260), *glømte* (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 35, 145, og i alle bøkene frå 1929 til 1933 med mange døme, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 201, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 251, 260), *glåmte* (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 110, *Ragnhild* 1931, s. 10, 179, *Siste leveåre* 1933, s. 146), *hermte* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 252), *rømte* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 260, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 274, 281), *råmte med seg* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 185), *skræmte* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 260, *skremte*, s. 265), *tømte* (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 162), *vermte* (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 165, *Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 13, 46, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, 135, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 204, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 283). Formene med *-mte* er no sideformer i skriftmålet.

Etter konsonantane *l*, *n* og *r* er formene noko skiftande hjå Duun. Me finn både *tålte* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 256, *Medm.* 1929, s. 15, 54, 68, *Ragnhild* 1931, s. 44, 92, *Siste leveåre* 1933, s. 93, 117, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 188) og *kjølte* (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 15), men *kvilde* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 188). *kjente* er den vanlege formi (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 223, og svært mange døme or *Medm.* 1929, t.d. s. 76, 97, *Ragnhild* 1931, t.d. s. 30, 38 og 89, *Siste leveåre* 1933, t.d. s. 20, 66, 81), og sameleis *nemnte* (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 311, og sers ofte i *Medm.* 1929, t.d. s. 5, 32, 104, *Ragnhild* 1931, t.d. s. 30, 62, 104, og i *Siste leveåre* 1933, t.d. 38, 74 og 175).

Etter *-r* er både *-de* og *-te* nytta, soleis i *flirte* (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 15), *snørte* (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 149), men *snørde* (*Siste leveåre* 1933, s. 93), og *vørte* er vanleg (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 58). *stirde* er eineform heile vegen (t.d. i *Gamal j.* 1911, s. 63, *Straumen og evja* 1926, s. 174, *Ragnhild* 1931, s. 200, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 318 og *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 189, 266), sameleis *tvistirde* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 197); stundom er konsonanten lengd til *-rr-* i infinitiv (t.d. *Harald* 1915, s. 219, *I stormen* 1923, s. 233 og i *Medm.* 1929, s. 219). Formi *styrde* er nytta i *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 197).

Høyra og *køyra* vert tidleg monoftongerte (med -øy- til -ø-) og får endingi *-te*, so *hørte* er ei svært vanleg form hjå Duun, og ofte *kjørte*. Desse formene er no jamstelte med *høyrede*, *kjørde*, i rettskrivingi. Døme med *hørte* kan vera or *Medm.* 1929 (t.d. s. 25, 30, 95), *Ragnhild* (1931, t.d. s. 14, 26, 61), *Siste leveåre* (1933, t. d. s. 17, 36, 70, 89) og *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 5, t.d. s. 212, 221, 153, 267); døme med *kjørte* er or *Medm.* (1929, t.d. s. 97, 99), *Ragnhild* (1931, t.d. s. 64, 110, 138) og *Siste leveåre* (1933, t.d. s. 43, 106, 110).

Ei avvikande form er *regjorde* i pret.(fortid) som er laga etter *gjera-gjorde*, og me finn formi fyrst i *Marj.* (1908, *Skrifter* - - 1, s. 39, og seinare i *Bl.-A* 1924, Birkel. 1976 bind 2, s. 170, i *Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 85), og med fleire døme i *Ragnhild* (1931, t.d. s. 26, 141, 188), og eitt døme i *Siste leveåre* (1933, s. 18).

6.8.7 ja-verbi

Ja-verbi er i tradisjonell nynorsk sermerkte med einstava pres. (notid) og *-de* i pret. (fortid), (sjå om endingane i infinitiv ovanfor her). Me finn *fortel* i pres. (notid) i *Medm.* (1929, s. 88) og *Ragnhild* (1931, s. 49), men dei fleste dømi har den nylaga formi *forteler* (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 81, 1929, s. 50, 102, *Ragnhild* 1931, t.d. s. 9, 14, 112, og *Siste leveåre* 1933, t.d. s. 24, 57, 169, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 131, 139, *Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 302); *seler* finn me òg døme på (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 83, *På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 46), og *teler* (*Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 153, *Straumen og evja* 1926, s. 18).

Formene i pret. (fortid) er oftast regelrette, men sume unnatak skil seg ut. *talde* er vanleg, men *talte* finst i *Medm.* (1929, s. 98), og *fortalde* er mest einerådande, med svært mange døme or *Medm.* (1929), *Ragnhild* (1931) og *Siste leveåre* (1933), men formi *fortalte* finst stundom (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 148, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 254, og *hadde fortald*, s. 248), og *selde* er nytta i *Siste leveåre* (1933, s. 126). Formi *spurde* er den vanlegaste i storparten av dei fyrste bøkene (til midt i 1920- og 1930-åri), men *spurte* finst so tidleg som i *Hilderøya* (1912, s. 97, 142) og *Harald* (1915, s. 52, 150), og seinare i *I eventyre* (1921, t.d. s. 12, 51, 98), *Medm.* (1929, s. 134, 168), *Ragnhild* (1933, s. 66, 98, 190), og sidan er *-te* den vanlege formi (t.d. i *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 254). Nye analogiske former (laga etter andre former) er *sømte* (til *symje -sumde*, *Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 316, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 265) og *temte* (til *temje - tamde*, *Tredje g.*, Birkel. 1976, bind 4 s. 189).

Til dei uregelrette verbi høyrer *seia* (i eldre mål *segja*) og *teia* (i eldre mål *tegja*) som er omtala ovanfor her, og *tagde* er heilt vanleg i bøkene frå 1930-åri, og i *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 192, 240), men på den tidi tek Duun til å bruka *tie* i infinitiv (t.d. i *Medm.* 1929, s. 67, 70, 71, *Ragnhild* 1931, s. 20, 76, 109, *Siste leveåre* 1933, s. 93, 104, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 206, 241, men *tie* finst berre ein gong tidlegare i *Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 215); *tier* i pres. (notid) finn me i *Medm.* (1929, s. 25, 58, 99) og *Ragnhild* (1931, s. 94, 173, 184), *Tredje g.* (Birkel. 1976 bind 4, s. 241).

Om formene av dei modale hjelpeverbi i pret. (fortid) med *kunde*, *skulde* og *vilde* syner eg til konsonantismen.

6.8.8 Konjunktiv

Konjunktiv har eg berre funne eitt døme på: *tvi vøre deg* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 238).

6.9 Samansetjingar med *-ar-* der fyrstelekken er eit verb

I trøndermåli er det mange slike samansetjingar, og me finn fleire hjå Duun òg: *dansarføtt*, n. flt. (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 245), *dansargolve*, n. bundi form (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 301), *dansarkveld*, m. (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 43), *dansarstova*, f. bundi form (*Marj.* 1908, *Skrifter* - - 1, s. 77 -*stua*, *Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 161, 162), *fløythake*, m. (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 226), *fløythage*, n. bundi form (*På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 250), *ganarsaks* f. (*Sommareventyr* 1936, her 1976 s. 178), *giftarklein*, adj. (*I bl.* 1919, *Skrifter* - - 5, s. 200), *giftartankar*, m. flt. (*I event.* 1921, *Skrifter* - - 6, s. 223), *lauparhunden*, m. bundi form (*Medm.* 1929, s. 139, og i *Skrifter* - - 10, s. 91), *lauparsko* m. flt. utan *-r* (*Nøkksjøl.* 1910, *Skrifter* - - 2, s. 59), *pratarføre*, n. (*Sigyn* 1913, *Skrifter* - - 2, s. 134), *preikarhjarde*, n. (*Gamal j.* 1911, Birkel. 1976 bind 1, s. 275), *ein prekarlarv*, m., (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 179), *prekarånden*, m. bundi form (*På Lyngs.* 1917, *Skrifter* - - 3, s. 82), *ringarlønna*, f. bundi form (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 53), *roardram*, m. (*Etterm.* 1932, *Skrifter* - - 11, s. 70, "roardramm", *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 143), *sildvercardramm*, m. (*Tre v.* 1914, *Skrifter* - - 3, s. 280), *skiparlag*, n. (*Juvik.* 1918, *Skrifter* - - 5, s. 73), *snakkarglede*, f. (*Medm.* 1929, *Skrifter* - - 10, s. 50), *vakarnatt*, f. (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 213), *vaskarkona*, f. bundi form (*Det g. samv.* 1916, *Skrifter* - - 4, s. 261), *vekkjarklokka*, f. bundi form (i *Sommareventyr* 1935, her 1976, s. 56, 93, 96). Formi *gniarfolk*, n. flt. (*Menn. og m.* 1938, *Skrifter* - - 12, s. 216) er vel helst laga til *gniar*, m.

6.10 Preposisjonar

Nokre av preposisjonane held på same formi gjennom heile forfattarskapen, t.d. *millom*, *imillom* er alltid skriven med *-i-*, og *gjenom* er den vanlege formi hjå Duun, med *-um* i dei eldste bøkene, berre i to samansetjingar er *-nn-* brukt: *bortgjennom* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 167) og *oppgjennom* (*Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 39). Berre i dei eldste bøkene finn me *hjá* (t.d. i *Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 31, *På tv.* 1909, *Skrifter* - - 1, s. 177, og i eit stykke frå 1908, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 25), men heller tidleg tek Duun til å bruka *hos* (*Gamal j.* 1911, s. 183, *Hilderøya* 1912, s. 91, *Harald* 1915, s. 53, 143, *Det g. samv.* 1916, i utgåva frå 1924, s. 35, 68, 85), og i sume av dei seinare bøkene er *hos* vanleg (*Straumen og evja* 1926, s. 10, *Medm.* 1929, t.d. s. 14, 82, 135, 193, *Siste leveåre* 1933, s. 52, attåt *hoss* i dei to siste). Etter kvart vert *hoss* den vanlegaste formi (ein gong i *Marj.* 1908 *Skrifter* - - 1, s. 97), med mange døme i *Medm.* (1929, t.d. s. 9, 23, 45, 92), *Ragnhild* (1931, t.d. s. 10, 38, 42, 114, 200) og *Siste leveåre* (1933, t.d. s. 23, 26, 77, 97, 130); seinare er *hoss* vanleg (t.d. i *Etterm.* 1932, *Skrifter* 11, s. 26).

7. Trykk og tonelag

Trykk og tonelag er det rådlaust å finna ut på skikkeleg vis or bøkene, men former med dobbel konsonant som *broddere*, v. (*Harald* 1915, *Skrifter* - - 4, s. 11) og *kurrera*, v. (*Løgl. skr.* - - 1907, Birkel. 1976 bind 1, s. 53, men *kurera* i utgåva frå 1926, s. 49) tyder nok på at trykket ligg på fyrste stavingi med tostavings tonelag.

8. Eit stutt samandrag

I dette arbeidet har eg fylgt alle bøkene åt Duun frå 1907 til 1919 og seks bøker frå 1921, 1924, 1929, 1932, 1936 og 1938. So har eg gått igjennom dei fire bindi Bjarte Birkeland gav ut i 1976, ei fullstendig utgåve av alle sogene og forteljingane åt Duun. I dei to eldste bøkene fylgjer Duun rettskrivingi då etter Hægstad-normalen i 1901 med bundne former på *-rne* i flt. av hankjønnsord (*-arne*, *-erne*) og hokjønnsord (*-erne*, *-arne* i dei sterke og *-orne* i dei linne), og *-a* er endingi i ubundi form av linne hokjønnsord. I lint inkjekjønnsord er *auga*, i flt. *augo* vanleg. I infinitiv er endingi *-a* heile vegen, når me ser bort frå verbi med utlyd på trykksterk vokal (t.d. *ro*, *så*, *tru*).

Frå 1909 kastar Duun *-r-en* i bundi form flt., men han held på *-rne* i ord med omlyd i flt. Han sluttar med å skriva *-t* i bundi form eintal av inkjekjønnsord, t.d. *huse*, *møte*, og han går over til kløyvd infinitiv (sjå om vanskane med kløyvd infinitiv i verbalbøyingi). Bundi

form eintal av sterke hokjønnsord og flt. bundi form av inkjekjønnsord får jamt endingi *-a*, men sume unnatak finst (sjå i substantiv-bøyingi). Berre *ein* gong brukar Duun konsekvent *-i* i hokjønn (*Kvar har no sitt*, prenta i *Gauldølen* 5. mars 1908, *Tredje g.*, Birkel. 1976 bind 4, s. 25-28). Linne hokjønnsord får framleis endingane *-or*, *-one* i flt. før han går heilt over til *-er*, *-ene* (frå og med *Juvik*. 1918); lint inkjekjønn *auga*, flt. *augo* er vanleg. Adjektiv på *-en* (t.d. *open*) får støtt endingi *-i* i hokjønn eintal heile vegen.

Av mindre sermerke kan me nemna overgangen frå *-jo-*, *-ju-* til *-y-*, utelating av *-d* i *gar*, m. (gard) og i ord på *-na* (-nad), *gj-* og *skj-* føre *-ei* og *-øy*, *-mm* i utlyd (mot vanleg *-m*), formene *brott*, *lott*, *rokk*, *skott*, alle n. (mot *brot*, *lut*, *rok* og *skut* i tradisjonell nynorsk). Endingi *-te* i pret. (fortid) av *e-* v. etter *-m-* og *-r-* vert meir og meir vanleg, t.d. *glømte*, *rømte*, *flirte*, *hørte* (mot dei vanlegaste formene med *-de* i nynorsk).

Etter kvart vert målet å Duun ledigare, smidigare og meir munnleg, og i eit intervju med Arne Falk i *Den 17de mai* 20.11. 1926 seier Duun: "Eg har hatt ein god lærar i norsk. Det var den gamle kårkallen heime, han Andreas. - - For han var setninga alt, ordet inkje. Eg minnes setningane hans og kan reprodusere dei. - - Eg har alltid kjent meg som ein prest i ei tom kyrkje når eg har følgd læra hans Andreas" (Her etter Bjarte Birkeland, *Olav Duuns soger og forteljingar*, 1976, s. 31).

Korleis syner formene å Duun att i rettskrivingi vår? Mesteparten av freistnadene hans har *ikkje* kome med, t.d. utelating av *-t* i bundi form eintal av inkjekjønnsord, *-na* i hankjønnsord på *-nad*, *-mm* i utlyd (mot vanleg *-m*), *gj-* og *skj-* føre *-ei* og *-øy*, og formene hans av *ja*-verbi har ikkje slege igjennom. Dei formene som har vunne fram, er *auge*, n., i bundi form flt. *auga*, og *brott*, *lott*, *rokk*, *skott*, alle n., som no er jamstelte med *brot*, *lut*, *rok* og *skut*, og i *e*-verbi er formene med *-mte* sideformer (mot vanleg *-mde*), medan former med *-rte* er jamstelte med *-rde*.

_____ * _____

Heilt til slutt vil eg taka fram tre ord som Duun må ha vore sers glad i, for han har nytta dei gjennom heile forfattarskapen sin: *blåna*, m. (i bundi form *blånaen*, i mange naturskildringar), (ikkje vera mange) *merkerne* (verd), f. flt. bundi form, til og med i siste boki hans (1938), og *vettug*, adj. (i inkjekjønn *vettugt*, vanleg om folk, menneske).

Avstytting av boktitlane.

Løgl. skr. - - = Løglege skruvar og anna folk (her i utgåva åt Bjarte Birkeland i 1976 bind 1).

Marj. = Marjane

På tv. = På tvert

Nøkksjøl. = Nøkksjølia

Gamal j. = Gamal jord. Sogor frå Namdalen (her i utgåva åt Birkeland i 1976 bind 1)

Hilder. = Hilderøya

Tre v. = Tre venner

Det g. samv. = Det gode samvite

På Lyngs. = På Lyngsøya

Juvik. = Juvikingar

I bl. = I blinda

I event. = I eventyre

Bl.-A. = Blind-Anders (her i utgåva åt Birkeland i 1976 bind 2)

Medm. = *Medmenneske*

Vegar og v. = Vegar og villstig (her i utgåva åt Birkeland bind 3)

Etterm. = Ettermæle

Menn. og m. = Menneske og maktene

Tredje g. = Tredje gongen og andre forteljingar (her i utgåva åt Birkeland i 1976 bind 4)

Utgåva åt Birkeland frå 1976 er dei tre *fullstendige* samlingane som Duun sjølv gav ut (sjå ovanfor her), og den fjerde som er ei samling av spreidde stykke og soger frå mange og ulike kjelder som Birkeland har samla. Samlingane vert her merkte ut med Birkel. 1976 og bind frå 1 til 4.

Dei tre bøkene *Sigyn*, *Harald* og *Samtid* er støtt skrivne med full tittel.

Vanlege avstyttingar:

adj. = adjektiv

adv. = adverb

m. = maskulinum (hankjønn)

f. = femininum (hokjønn)

n. = neutrum (inkjekjønn)

flt. = fleirtal

s. = side (eller sida)

t.d. = til dømes

v. = verb

pres. = presens (notid)

pret. = preteritum (fortid)

perf. part. = perfektum partisipp (formi etter *ha*)

Litteraturliste

Aasen, Ivar: 1873, *Norsk Ordbog*. Det Norske Samlaget.

Birkeland, Bjarte: 1976, *Olav Duuns soger og forteljingar*. Det Norske Samlaget.

Dalen, Arnold: 2001, *Talemål som litterær reiskap. Om Olav Duuns språk*. Unitekst nr. 2, Trondheim 1977 (s. 38-52), oppattprenta i *Spor i trønderord*. Festskrift til Arnold Dalen, (s. 211-226).

Groven, Lars: 1995, *Frå Olav Jakobsson Høyem til Olav Duun*. Tapir Akademisk Forlag, serleg s. 46-47.

Norsk Ordbok: 1978-2007, red. Hellevik, Alf , Lars Vikør m.fl. band 2, 3, 4, 5 og 6. Det Norske Samlaget.

Trønderordboka: 1997, red. Jenstad, Tor Erik og Arnold Dalen. Tapir Akademisk Forlag.